

Ein ungdoms tilknyting til eit kyrkjeleg fellesskap

- eit kvalitativt studie av ungdom i eit kyrkjeleg
fellesskap

Av

Vidar Husøien

Vegleiar: Sverre Dag Mogstad

Professor Sverre Dag Mogstad

*Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved
Det teologiske Menighetsfakultet og er godkjent som del av
denne utdanninga.*

Det teologiske menighetsfakultet, 2014, vår/haust

AVH5040, Masteravhandling 30 ECTS

Master i kyrkjeleg undervisning

Forord

Når eg kom meg så langt i studieløpet så var tanken heile vegen å skrive ei oppgåve om ungdom. Ungdomstida mi var sterkt prega av ulike aktivitetar der eg sette veldig pris på alle aktivitetane innanfor det kyrkjelege fellesskapet. Dette fellesskapet hjelpte med til å kome inn på den retninga eg ville at livet mitt skulle ta. Men for at eg skulle få med meg alt dette som det kyrkjelege fellesskapet hadde å gi så måtte eg velje å gå dit. No i dag har ungdomen fleire aktivitetsval enn nokon gong. Eg ville difor sjå på kvifor nokon framleis vel å gå til dette fellesskapet. Gjennom ulike prosessar der eg mellom anna fekk hjelp av vegleiar og medstudentar kom eg fram til ei oppgåve og ein prosess som kunne gjennomførast.

Eg vil takke min vegleiar, Sverre Dag Mogstad, for både vegleiing og god oppfylging, og for å ikkje gi opp på meg sjølv om eg ikkje heile tida var på rett spor. Hans kunnskap og erfaring var tunga på vektskåla for at denne oppgåva kom i hamn. Eg vil også rette ein takk til Vegard Holm for gode sekundære refleksjonar på oppgåva.

Vidar Husøien

11.11.2014

Innhald

Forord.....	2
1 Innleiing.....	5
1.1 Mitt engasjement	5
1.2 Tidlegare forskning på området	5
1.3 Avgrensing og problemstilling	9
1.4 Oppgåvas design	11
2 Metode.....	12
2.1 Metodeval.....	12
2.2 Analysearbeid	15
3 Teoretisk bakteppe	16
3.1 Preferanseteoriar.....	16
3.1.1 Deprivasjonsteori	17
3.1.2 Sosialiseringsteori	20
3.1.3 Teorien om rasjonelle val.....	23
3.2 Teori om sosial kapital	27
4 Analyse av mine intervju.....	29
4.1 “Kvifor starte med aktiviteten og kvifor vere med vidare?”	30
4.2 Ulike dimensjonar.....	33
4.2.1 Sosial vs. individuell	34
4.2.2 Ansvar vs. deltakande	35
4.2.3 Kjønnsskilnadar	36
4.2.4 Ferdigheitsnivå.....	38
4.2.5 Geografiske skilnadar	38
4.2.6 Andre dimensjonar	39
4.3 Samanfating.....	40
5 Drøfting av mine funn i lys av teori.....	40
5.1 Intervjua i lys av deprivasjonsteorien.....	40

5.2	Intervjua i lys av sosialiseringsteorien	42
5.3	Intervjua i lys av teorien om rasjonelle val.....	44
5.4	Intervjua i lys av teorien om sosial kapital	46
6	Oppsummering og konklusjon	48
7	Litteraturliste	50
7.1	Internett.....	52
8	Vedlegg 1.....	54

1 Innleiing

1.1 Mitt engasjement

Kvifor gå for eit kvalitativt studie av ungdom innan eit kyrkjeleg fellesskap? Eg starta tidleg med barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden heime. Først som deltakar for så å gå over i diverse leiarverv. Når eg starta på vidaregåande skule var eg veldig engasjert på fleire områder, mellom anna speidar, KRIK og tensing. Eg fekk veldig stort utbytte for å vere med på desse aktivitetane både fysisk og psykisk, meir trua på meg sjølv gjennom å opprette sosial kontakt med nye menneskjer samtidig som eg følte eg meistra fleire ulike aktivitetar. I London var eg barne- og ungdomsarbeidar i ein kyrkjelyd, gjennom NMS U (Det norske misjonsselskapet, Ungdom). Og i Sør-Afrika jobba eg innanfor det same feltet, men på eit YMCA-hus, gjennom KFUK-M – Global. Ettersom åra har gått har eg fått meir interesse for området ungdom og kyrkja. Eg har mellom anna arbeida i utlandet med den aktuelle tematikken. Når eg så kom tilbake til Noreg så låg vegen etter kvart til rette for meg å studere dette temaet nærmare, og mi genuine interesse for området auka.

Gjennom studiane har eg blitt meir kjent med ungdom og kulturen rundt dei. Det har vore overveldande endringar på dette området. Generelt innan ungdomskulturen har det kome fram ei individualisering som gjer at mange fleir står aleine i mange avgjersler i livet. Men eg sjølv har tenkt at dette ikkje nødvendigvis trengjer å vere tilfellet. Klart ungdomen må sjølv stå for dei siste vala, men vegane til desse vala er tekne vil vere lange og utfordrande. Eg har alltid då tenkt at kyrkja kan kome inn og vere ei hjelpande hand på vegen. Kyrkja står for verdiar og normer som eg tenkjer alle og ein kvar kan ta til seg. Slik eg har sett på det så vil kyrkja kunne vere til hjelp i fleire samanhengar enn religiøse. For å vere til hjelp for ungdomen må ungdomen vere tilstade i kyrkjelege samanhengar. I denne oppgåva ynskjer eg difor å belyse kvifor ungdom søkjer eit kyrkjeleg fellesskap.

1.2 Tidlegare forskning på området

Det har blitt forska på fenomenet ungdom i fleire tiår, men det er vanskeleg å kome fram til nokon konklusjon av dette fenomenet fordi ein til ein kvar tid blir påverka av samtidas vitskaplege endringar med eit historisk perspektiv inn i biletet (Aagre, 2003, s. 11). Desse endringane gjer at det er eit stort arbeid og ein prøvar til ein kvar tid å finne dei beste vinklane for ei tilnærming til ungdomane, alle til ein kvar tid påverka av samtida. På internett

eksisterer det fleire sider som fokusera på ungdom og forskning rundt tematikken. For å nemne nokon så har ein ungdom og rus, ungdom og speleavhengigheit, ungdom og skule, eller ungdom knytt til spesifikke geografiske områder m.m. Mange av desse temaa er også mykje meir spesifikke for at forskingsområdet ikkje skal bli for stort og vanskeleg (HiAO, 2014; forskning.no, 2014).

Det er gjort eit større forskingsarbeid gjort på ungdom i nyare tid er “The truth about Youth”, eit internasjonalt arbeid der dei nytta seg av både kvalitative og kvantitative metodar for å finne ut kva som motiverer ungdomen (McCann, 2011). Dei tenkjer at for å finne ut av kva ein ungdom er så må dei sjå på kva for motivasjon vedkomande har gjennom 16 ulike klassifiserte motivasjonstypar der dei strekk seg alt i frå eit ytre fysisk rush til å føle ein indre tryggleik. Dei vore i mange forskjellige land, verda rundt, og bedt ungdom om å gradere kva for nokon av dei 16 motivasjonstypane som passa dei best. I kvart av dei landa som blei spurt var det tre ulike motivasjonstypar som utheva seg. Den eine heiter fellesskap, som går på behovet for å kontakt, førehald og samfunn. Den andre heiter rettferd og går på behovet for sosial eller personleg rettferd, å gjere det som er riktig. Den tredje og siste typen motivasjon omhandlar det å vere ekte, altså eit behov for å sjå ting akkurat som dei er. Grunnen til denne “samkøyringa” av motivasjonstypar på tvers av land meiner dei heng saman med dagens teknologi. Det kjem fram i studiane at det var mange ungdomar som heller vil ha tilgang til teknologi enn for eksempel å behalde luktesansen sin. Dei introduserer så terminologien sosial økonomi på sin måte. Det handlar ikkje lengre om å ha ei lita kjerne med maks fire-sju vener, men om å bli likt av så mange medmenneske som mogleg. Der av den første motivasjonstypen. Når ungdomen trekkjer fram det å vere ekte så heng det saman med at ein kan vere så falsk ein berre vil på nettsamfunna. Desto meir ekte noko blir framstilt desto meir blir det satt pris på. Dei set for eksempel sin lit til Google, om du søker etter sanninga går du dit. Den siste motivasjonstypen omhandlar rettferd. Ungdomen meiner sjølv dei har ein innsikt som gjer at dei veit rett frå gale. Med alle tilknytt sosiale mediar så går desse innsiktene på kryss og tvers av landegrensene. Reglane som blir då sett er då gjerne knytt til internettet (McCann, 2011). Men dette blir på eit større generelt plan. Som eg skreiv tidlegare så er det meir vanleg å forske på mindre områder angående ungdomen, både tematisk og geografisk. Det er då fleire av desse meir spesifikke områda som har eigne nettsider, som for eksempel forskning på ungdom og rus (Sirus, 2014), og

ungdom og fritid (Ungdom og Fritid, 2014). Nettsida om ungdom og fritid er spesielt interessant i mi masteroppgåve.

Det kyrkjelege fellesskapet er på lik line som sport og andre kulturelle tilbod eit fritidstilbod. Det inneber at om ungdomen skal delta på aktiviteten så må dei velje dette sjølve. Om vi då ser på forskning gjort på ungdom og fritid så kan vi sjå at stadig fleire ungdomar vel vekk den sterkt vaksenorganiserte aktiviteten, som for eksempel slik idrett ofte er organisert (Ungdom og Fritid, s. 3, 2014). Ungdom og Fritid har òg vore ein støttande part under masteroppgåva til Mari Lindelien Schwartz (2013). Oppgåva er ei kvantitativ undersøking av ungdom om kvifor dei vel å gå regelmessig til opne møtestadar. Med opne møtestadar er det meint stadar der ein kan møte andre ungdomar regelmessig utan å måtte betale nokon avgift eller kontingent. Schwartz er oppteken av ungdomsgruppa som ei målgruppe innan sosiologiens verden. Fritida er ei viktig tid for ungdomen i dagens samfunn der mykje av identitetsdyrking, mestringsføling og sjølvtilitt oppstår. Gjennom analyseringa av denne undersøkinga så har ho delt inn i tre uavhengige variablar, kjønn, aldersgrupper og lengde på deltaking. Desse variablane er med på å belyse hovudvariabelen om deltakinga på møtestadane, kvifor ungdomen valde å bli med på den opne møtestaden. På tvers av dei uavhengige variablane var det tydeleg at det sosiale aspektet ved dei opne møtestadane var den viktigaste faktoren (Schwartz, 2013).

Kristin Lorentzen sitt studie "Alt i ett" tek seg føre ungdom i alderen 17-18 år for finne kva slags faktorar som er viktige for at dei skal velje å vere i eit kyrkjeleg miljø over tid. Gjennom individuelle intervju med ungdom i to ulike kyrkjelydar så har ho prøvd å kartleggje kva slags faktorar som påverkar vala deira og i kor stor grad kvar enkelt faktor har å seie (Lorentzen, 2003). Slik ho har gått fram så har ho eit utgangspunkt i ei problemstilling som er på utkikk etter faktorar som er av tyding for at ungdomen blir i eit kyrkjeleg fellesskap over tid. Dette heng saman med at det i nyare tid stadig blir færre og færre ungdomar i organiserte aktivitetar. For å finne best mogleg svar på denne problemstillinga valde ho gå fram med ei kvalitativ undersøking for å finne dei nyansane som betydde noko. Deretter valde ho seg ut to kyrkjelydar der begge hadde eit aktivt ungdomsarbeid, ein på vestlandet og ein på austlandet. Fordelt på desse to kyrkjelydane valde ho ut 13 informantar som alle hadde vore med i eit kyrkjeleg fellesskap over tid. Ungdomane ho har brukt ligg nemleg i alderen 17-18 år og har stort sett vore med sidan konfirmanttida si. Ho trekkjer sjølv fram at

det er ei svakheit at ho ikkje har teke med ungdomar som har slutta dei kyrkjelege aktivitetane, men at ho i alle fall oppnår eit innanfrå-perspektiv. Denne rapporten er nemleg fullt ut basert på empiri frå dei kvalitative intervjuane som her blei gjennomført. Slik ho då la fram rapporten så var den summert opp til tre faktorar, vener og miljø, leiing og ansvar, og truslivet. Under faktoren vener og miljø kjem det fram at kyrkja blir sett på som ein sunn og samlande stad for ungdomen. I den livsfasa dei er i så blir venekretsane litt utspreidde fordi dei anten vel ulike linjer på skulen eller ulike skular. Difor blir kyrkja ein slags plattform for der dei kan møte att venegjengane sine. I tillegg treff dei på val av aktivitetar. Aktivitetane som kvar kyrkjelyd har er ulikt prioritert, men verkar å vere riktig i høve etterspurnad. Under faktoren leiing og ansvar trekkjer Lorentzen fram leiarstrukturen til dei to ulike ungdomsarbeida. Dei er ulikt organisert, men begge stadane er det viktig med eit engasjement hjå ungdomane. Det krevjar sine resursar for å kunne drive med desse leiarverva, men ungdomen har ikkje noko imot det. Korleis dette blir løyst er også ulikt. Det er ei fin line mellom at det blir for mykje og at det blir for lite, og det er difor ei utfordring å gjere dette riktig. Den siste faktoren, truslivet, byggjer på ei utvikling som ungdomane tilsynelatande har i desse kyrkjelydane. I den eine kyrkjelyden kjem det fram at dei ikkje blir påkravd at dei skal tru, men med eit opent sinn inn mot arbeidet så kjem det berre som ein naturleg del. Dette heng litt saman med bruken av jamnaldrande ungdomar til å gjennomføre andakter. Det har vist seg at dei når best ut til ungdomane. Under denne faktoren kjem også gudstenestelivet. Der er det veldig ulikt mellom dei to kyrkjelydane som er brukt. Den eine har ikkje heilt den samanhengen mellom ungdomsarbeidet og den faste gudstenesta på søndagane. Dei tek med seg gudstenesta på turane dei har, men ikkje i kvardagslivet. Den andre har mykje oftare gudstenester, gjerne ungdomsgudstenester, som ein del av arbeidet. Ungdomane engasjerer seg og tek ansvar for korleis dei vil ha denne gudstenesta. Det ho kjem fram til med denne rapporten er at ungdomen er på utkikk etter tre ting som får dei til å velje aktivitet – fellesskapet, aktiviteten i seg sjølv, og hjelp med livsspørsmål (Lorentzen, 2003).

Korleis blir så mi oppgåve? Ut i frå den forkinga eg har gått gjennom kan eg kome fram til eit par ting eg bør tenkje på vidare. Om ein ungdom skal trivast bør vedkomande vere komfortabel i settinga. Ein riktig motivert ungdom vil då kunne nyte godt av alt det eit fellesskap kan kome med. Og eit fellesskap er viktig. Det sosiale er noko mange ungdomar

oppsøker og set pris på. Det kyrkjelege fellesskapet har då også gjort suksess med å leggje til rette for ungdommen. Men det er dermed ikkje sagt at ein har eit fasitsvar på korleis dette skal gjerast. Det kan fungere så og så lenge, men plutselig kan det seie slutt. Eg vil heller ikkje kome fram til eit fasitsvar, men eg vil likevel prøve å belyse nokon av sidene for kvifor ungdom deltek i eit kyrkjeleg fellesskap.

1.3 Avgrensing og problemstilling

Gjennom trusopplæringsplanen har det kome eit fornya blick på ungdommen. Den skal omfamne alle frå 0-18 år. Korleis kyrkjelydane utviklar seg og prioritera dei ulike års-kulla er ulikt, men det er mange som ikkje heilt har taket på tida etter konfirmasjonstida. Dette kortar ned mitt aspekt til 16-18 år. Men dette er framleis veldig stort. Forskjellen på ein 16-åring og ein 18-åring er som regel veldig stor. Det som då blei avgjerande var litt om førehald som eg hadde til området og tilbakemeldingar frå andre. Mange kyrkjelydar har eit leiartilbod til mange konfirmantar etter enda konfirmanttid. Både under konfirmasjonstida og det eventuelle leiaråret vil bere preg av at dei er under eit litt strengare oppsyn. Alt dei gjer vil vere ein del av eit opplegg som vil stille krav til dei. Dette vil nok gjere at dei svara eg eventuelt ville ha fått om kvifor dei var med vidare ville nok ha vore farga av dette opplegget rundt. Når eg kjem til 18-års alderen er det veldig mange som ikkje er med på noko spesielt fordi dei er i ei utflyttingsfase. Dei skal til å flytte heimafrå og vil nok avslutte ein del førehald på heimefronten med tanke på organisasjonar og engasjement. Alderen 16-17 år derimot vil eg kunne kome fram til nokon svar. Det vil då vere att i alle fall eit år til før dei eventuelt trappar ned og om dei då framleis er med så vil det vere basert på meir enn eit strukturert opplegg. Denne aldersgruppa kan kjennast att som 1. klasse på vidaregåande skule.

Oppgåva er lagt opp på ein deskriptiv måte. Grunnen til dette er fordi det er enklare å trekkje ut empiri frå ei slik tilnærming. Både eg og ungdommen vil lettare kunne forklare seg gjennom ei deskriptive tilnærminga fordi målet er då at det skal vere så beskrivande som mogleg. Når eg då vel å sjå på kvifor nokon ungdomar vel å vere i eit kyrkjeleg fellesskap så blir dette ei utfordring, deskriptivt sett. Eg har difor gått vegen via nokon teoriar som alle gir grunnar til kvifor ein vel å gjere kva. Preferanseteoriar baserar seg på kva ein føretrekk, anten det er fellesskapet eller aktiviteten eller andre faktorar. Sosial kapital vil uansett basere seg på fellesskapet, men også kva dette fellesskapet kan bringe med seg vidare. Ved å velje innfallsvinkelen retta mot preferanse og sosial kapital er det enklare å konstruere

kriterier for korleis ein skal kunne oppnå eit resultat av den forskinga eg er inne i no. Difor vil ordlyden av mi problemstilling lyde slik:

“Kva slags preferansar har ungdom i alderen 16-17 år for deltaking i eit kyrkjeleg fellesskap? Og kva rolle spelar sosial kapital for ungdom i fellesskapet?”

Korleis ein definerer ungdomen kjem an på om ein tenkjer biologisk, psykologisk eller sosialt. Det som kjenneteiknar alle desse kategoriane er at ein utviklar seg. I ungdomsfasa skal ein utvikle ein identitet og eit sjølvbilete som ikkje berre skal vere når dei er unge, men som dei vil ta med seg vidare i livet. I dagens moderne samfunn er ikkje dette berre lett. Gjennom fleire samfunnsoverveldande endringar har det blitt klarare at ein ikkje lenger kan ta utgangspunkt i gammal lærdom om korleis ein skal kunne leve livet (Heggen, 2005, s. 12-16). Heggen og Øia (2005) trekkjer fram då tre faktorar som er med på setje litt premisser for ungdomen i dagens moderne samfunn. Desse tre er individualisering, val og risiko. Ein ungdom i dag står mykje meir aleine i dei vala ein har om korleis livet hans skal utvikle seg og dermed er også risikoen høgare for at ting kan gå galt. Ein har fleire moglegheiter, men det gir også fleire fallgruver (Heggen, 2005, s. 16-18). Eit kyrkjeleg fellesskap kan vere til hjelp der desse vala kan bli vanskelege. Kyrkja representerer eit fellesskap med verdiar og normer som skal vere til det betre for alle. Ved å få ungdom inn i kyrkjeleg fellesskap der ein startar å ta egne val så kan ein vere tunga på vektskåla i førehald til korleis livet blir vidare.

Når eg set opp eit kyrkjeleg fellesskap og ikkje spesifikt retta mot eit spesielt arrangement eller ein spesiell aktivitet er dette fordi det er ulikt frå kyrkjelyd til kyrkjelyd kva som eksisterer av tilbod. Eg vil då ikkje måtte vere avhengig av å finne kyrkjelydar som driv med dei same aktivitetane. Det som også kan vere ein fordel er at eg då også kan omfamne ikkje berre dei spesielle arrangementa, men og som for eksempel gudstenesteliv, om dette skulle dukke opp som ein aktivitet ungdomen er med på.

I den nye trusopplæringsplanen til Den norske kyrkja så har ein prøvd å omfamne alle i alderen 0-18 år. Alle forstår her at ein ikkje kan rekne med at eit tiltak skal kunne dekke alle sine behov. Om ein ser nærmare på oppdelinga så har dei lagt inn ei beskriving av alderen 13-18 år. Her legg dei fram at målet for denne gruppa skal vere å få dei sjølve til å reflektere over eiga tru i samanheng med livesløpet sitt. Dette skal ein oppnå gjennom kontinuerleg arbeid og gudstenesteliv. Det skal vere eit rom for å finne seg sjølv slik ein sjølv vil vere. Slik

ein her vil gå fram så er det gjennom å engasjere ungdomen ved at dei sjølv må ta i eit tak samstundes som at dei skal kunne kome inn og berre få vere til med sine spørsmål og undringar. Det som karakteriserer tida etter konfirmasjonstida i denne planen er at ein må sørge for eit engasjement, anten gjennom å vere leiar av eit slag eller medarbeidar (Dnk, 2010, s. 21-22). For meg har dette vore interessant å sjå på om den typen engasjement vil slå ut på preferanseteoriane. Om denne driven etter å aktivisere ungdomen skal ha noko for seg så må vel kanskje ungdomen sjølv ynskje dette?

I eit kyrkjeleg fellesskap er det mange ulike aktivitetar ein kan vere med på. Gudsteneste, friluftsliv, idrett, musikk m.m. Alt dette kan skje innan eit aktuelt fellesskap. For meg har det vore eit poeng at eg ikkje har vore retta mot nokon spesifikke aktivitetar. Den nye trusopplæringsplanen sjølv byggjar opp til at ein ikkje skal vere avhengig av berre ein aktivitet for å kunne bygge opp identiteten sin. Ein er bevisst på at det er ein attraktiv marknad for ungdomen der ute, og dei kan ikkje vere noko dårlegare. Når eg no då har gått for fleire aktivitetar har det vore enklare å finne ut kva som faktisk gjer at desse ungdomane vel å vere innan kyrkjas grenser.

1.4 Oppgåvas design

I første runde kom eg inn på tematikken ungdom og kyrkjeleg fellesskap. Etter litt innsnevring kom eg fram til ei problemstilling som hadde eit fokus på ungdom i alderen 16-17 år, kyrkjelege fellesskap, og teori om preferanse og sosial kapital. For å få fram den beste empirien gjekk eg difor for eit kvalitativt design. Innan for metode betydde det at eg måtte gå for ei kvalitativ tilnærming og falt då på kvalitative intervju. Med kvalitative intervju fylgjer det eit viktig arbeid med analyse av intervju for å finne fram til den viktigaste empirien. Den kom eg fram til gjennom ulike kodingar som fungerte som filter. Desse kodingane gjorde det mogleg å finne empiri utan å måtte tolke svara for mykje.

Eit anna viktig steg var å kome fram til den teorien som skulle belyse mine funn. Når eg gjekk inn i teoriar om preferanse kom eg fram til tre ulike interessante teoriar. Den første eg tok fram var deprivasjonsteorien. Her henta eg for det meste teori frå Jon P. Knudsen og Charles Glock og Rodney Stark. Den andre teorien går på ein generell sosialiseringsteori. Der har eg henta stoff frå Vilhelm Aubert, Inger Furseth og Peter L. Berger. Den tredje og siste preferanseteorien eg har teke med er teorien om rasjonelle val. Dei eg har henta teorien frå

er Rodney Stark og William Bainbridge, og Meredith McGuire. Så tok eg også med ein teori om sosial kapital der eg henta litt teori frå Pierre Bourdieu, og mest frå Robert Putnam.

Det siste steget før eg kom fram til ein konklusjon var drøftinga. Der brukte eg den teorien eg hadde for hand til å belyse dei funna eg hadde gjort gjennom dei ulike intervjua. Eg summerte så opp oppgåva før eg kom fram til ein konklusjon.

2 Metode

2.1 Metodeval

Metoden for oppgåva er kvalitative intervju av ungdom i den aktuelle målgruppa 16-17 år for å kome fram til kva preferansar dei har og/eller om det er den sosiale kapitalen som er avgjerande for at dei er engasjerte i eit kyrkjeleg fellesskap. Ved å velje eit kvalitativt intervju framfor eit kvantitativt forskingsarbeid er det ein viktig ting ein har prioritert, å høyre på det intervjuobjektet har å seie. Ein prøver gjennom ein slik framgangsmåte å bli rikare på kunnskap i ein sosial kontekst der målet vil vere å få eit innblikk i intervjuobjektets kvardag retta mot forskingsmålet bak intervjuet. Det som er viktig er at intervjuet som då kjem blir gjort på eit semi-strukturert nivå. Intervjuobjektets meinig som skal fram, men det er intervjuaren som vel kva for eit tema ein bevegar seg inn på. Intervjuar vil då nytte seg av enkelte opne spørsmål for at det skal vere rom for intervjuobjektet til å utfalde seg. Deretter vil det vere opp til intervjuar å tolke desse svara i lys av sitt forskingsspørsmål (Kvale, 2009, s. 21-23). Slik har eg òg gått fram. Eg har dessutan gått inn for å forme dette semi-strukturerte intervjuet inn mot ei narrativ tilnærming. Med ein narrativ tilnærming meiner eg slik Kvale (2009) har beskrive det i si bok. Eit narrativt intervju blir her framstilt som ulike historier som eventuelt vil dukke opp i eit intervju. Desse historiene kan anten kome ut av intet eller så kan intervjuar sjølv vinkle spørsmåla sine slik at svara kjem fram som historier. Kvale viser då til ulike formuleringar som ein kan bruke, men etter ein samtale med vegleiar og andre studentar har eg også valt ei anna tilnærming (Kvale, 2009, s. 165-167). Eg hadde på førehand bedt dei ulike intervjuobjekta om å ta bilete av dei arrangement som dei deltok på i løpet av nokon dagars tid. Ved å ta med desse inn i intervjusettinga gav eg meg sjølv moglegheita til å spør dei ut om dei bileta dei hadde teke. Samstundes ville eg ikkje at dei skulle vere for bundne til desse bileta. Uavhengig om dei trengte bileta eller om eg berre

trengde spørsmåla så var målet å få dei til å leggje ut om aktivitetane deira og grave litt i årsakene bak dei.

Det å finne desse ungdomane i den aktuelle aldersgruppa som faktisk er med i eit kyrkjeleg fellesskap, og som i tillegg var villege til å snakke, var utfordrande. Desse ungdomane måtte i tillegg vere likt fordelt mellom gutar og jenter. Men gjennom eit samarbeid med ungdomsleiarar, kateketar og/eller trusopplærarar i dei aktuelle kyrkjelydane fekk eg til slutt åtte ungdomar. Då denne utfordringa blei imøtekomen måtte eg få desse intervjuobjekta til å snakke så mykje som råd om det aktuelle temaet. Men korleis desse intervjuja skulle bli gjennomført var utfordrande. Eg kunne ikkje bruke faguttrykk som preferansar eller sosial kapital, og eg kunne heller ikkje satse på at alle ungdomane berre vil opne seg og snakke til eg seier stopp. Som tidlegare nemnt hadde eg bede ungdomane om å ta bileter for å ta med seg inn i intervjuet. Det viste seg derimot at dei klarte betre å snakke for seg gjennom spørsmåla enn å trekkje fram bileta. Ved å be dei om å fortelje og gi dei god tid til å tenkje seg gjennom så kom det gode og relevante svar, som eg seinare i oppgåva viser. Og det eg då viser har kom fram gjennom riktig koding av intervjuet der eg fekk sett kva materiale eg fekk ut av kvart enkelt intervju. Med koding meiner eg å kunne lese gjennom intervjuja som er gjort og finne den data som vil vere relevant for meg og mi oppgåve. Koding i denne kvalitative samanhengen var det då viktig å danne seg indikatorar som kunne tilpassast under ulike konsept, der desse konsept blei danna med bakgrunn i teorien. Heile tida blei desse samanlikna slik at eg til slutt fekk dei riktige indikatorane inn under dei riktige kategoriane. Men det var ikkje berre utan vidare at dette gjekk greitt. Bryman (2012) påpeikar i si bok nokon utfordringar rundt koding av kvalitative intervju. Ein ting var at ein frykta at den sosiale konteksta kom til å forsvinne. Utan sosial kontekst kan ting bety vedig forskjellig. Det andre problemet som blir framheva er eit som påverke meg. Når eit intervju blir narrativt vil ein kunne miste den narrative flyten som vil vere tilstade i intervjuet. Med det er det meint at ein berre får med seg fragmenter av intervjuet noko som vil bety at gjennom ei gitt historie så vil enkelte delar miste si betyding fordi den ikkje står saman med heile konteksta. Ei frykt ein må overvinne vil då vere at ein ikkje klarer å rettferdiggjere det ein faktisk tek med vidare i arbeidet sitt. Det vil då vere viktig å fokusere på at det intervjuet som var blitt gjort faktisk ikkje vil ha noko å seie

med mindre du som forskar tek deg føre og tolkar og gjer dei funna ein trur ein har funne om til teori (Bryman, 2012, s. 568-569, 575ff).

Eg måtte også vere forsiktig med å velje kyrkjelydar eg skal drive med intervjuar. Det er nokon etiske retningsliner ein bør tenkje over. For at eit kvalitativt intervju skal kunne vere kvalitativt er ein avhengig av at intervjuobjektet opnar seg. Ein må då som intervjuar kunne klare å skape eit sosialt rom der det tydeleg er opent for eigne meiningar. Problemet er dersom denne trygge atmosfæren vil gå over til å bety noko meir enn berre intervjuar og intervjuobjekt. Ein kan ikkje bli ein ven fordi ein då raskt kan trakke over dei grenser som må vere førebeholdt eit venskap. Det å finne denne balansegangen mellom venskap og forsøkskanin vil vere vanskeleg (Kvale, 2009, s. 35-36). Med dette i bakhovudet bør ein ikkje bruke kyrkjelydar som ein sjølv er engasjert i. Det skal ikkje vere mogleg å bruke dei opplysningane som ein kjem fram til, som forskar, for eller imot nokon. I tillegg vil ikkje ungdomane då vere farga av om dei trur dei veit kva eg vil at dei skal svare. Men med det sagt så var det ikkje noko i vegen for at ein har noko kjennskap til ein som sit i ein leiarposisjon i ein kyrkjelyd. Det fungerte til fordel for meg fordi det då var lettare å få tak i aktuelle ungdomar enn om eg måtte sjølv gjere denne utforskinga. Det som var viktig var å få inn nok ungdomar til å kunne samle inn nok data. Totalt fekk eg intervjuar åtte ungdomar fordelt på fire personar frå to ulike kyrkjelydar, og det var to av kvart kjønn i desse kyrkjelydane.

Ei tilnærming gjennom kvalitative intervjuar har utgangspunkt i at eg vil finne ut på ei litt meir djuptliggande nivå kvifor nokon ungdomar har valt å vere i eit kyrkjeleg fellesskap. Den djuptliggande faktoren ligg i søken etter ulike preferansar som påverkar deira engasjement i aktiviteten og om sosial kapital har ei rolle. Teorien som eg har henta fram baserar seg på tre ulike preferanseteoriar, med ei litt utvida forståing av den siste teorien, og ein teori om sosial kapital. Eg valde så å gjere eit semi-strukturert intervju fordi eg måtte få noko meir enn overflatiske svar for å kunne finne fram til kva dei faktisk meiner har gjort at dei tilhøyrar eit kyrkjeleg fellesskap. Gjennom denne intervjumetoden hadde eg moglegheit til å kome med nye spørsmål undervegs samstundes som at det gav ein viss struktur som gjorde at eg garantert fekk eit svar. Kva som blei funna mine baserte seg så på korleis teorien min er blitt framstilt. Teorien har nemleg vore mitt bakteppe under intervjuprosessen. Slik sett har spørsmåla blitt forma av den aktuelle teorien. Eit poeng har derimot vore å ikkje

bruke for vanskelege ord. Ein kan ikkje kome opp til ein ungdom og forvente at vedkomande forstår kva som er meint med preferanse og sosial kapital. Gjennom det semi-strukturerte intervjuet og bruken av bilete har ungdomen hatt ei moglegheit for å kunne vere meir forteljande. Slik hadde eg moglegheita til å få tak i fleire detaljar og synonyme ord til mine omgrep, som har vore til hjelp når eg i ettertid har koda intervjuet og trekt fram det ungdomen har kome med. For å få eit klart bilete av desse funna har eg i drøftinga lagt intervjuet saman med teorien for å vise at det ungdomen har snakka om, sjølv om det ikkje er med same terminologien, har vore relevant i eit samspel. Eg har på den måten tatt den teorien eg hadde og lagt den saman med den empirien som har kome i lys av intervjuet for å vise samanheng. Slik eg ser på det så er det berre gjennom denne kvalitative metoden at det let seg gjere. Elles ville det ha vore ein viss fare for å oversjå kva som verkeleg har betydning.

2.2 Analysearbeid

Analysearbeid er eit arbeid der ein skal finne mest mogleg stoff frå det materialet ein har for hand. Ved eit kvalitativt arbeid startar dette allereie når ein er ute og samlar inn empirien (Hellevik, 2002, s. 196). Gjennom å gjennomføre fleire kvalitative intervju vil intervjuar heile tida sjå etter betre måtar å gjennomføre intervjuet på, og dette vil skje i samspel med intervjuobjekta. Å bruke ei semi-strukturert tilnærming opnar dette opp for ulike oppfylgings spørsmål. Ein start på analysen vil vere å lese gjennom det innsamla stoffet gjerne to til tre gongar før ein ofte vil klassifisere og kode element av den utarbeida teksta. Slik får ein ei betre oversikt over stoffet og kan enklare gå tilbake til stoffet for å belyse ulike problemstillingar som vil kome opp. Dette arbeidet blir gjerne kalla for datareduksjon og hjelper forskaren til å ekskludere nokon detaljar. Det eksisterer ulike typar for slik framstilling, men ikkje alle forskarar dreg seg nytte av slike instrument. Det viktigast er at ein klarer å behalde heilheita i det intervjuobjekta fortel. Og heile vegen vil forskaren bevege seg på ei fin line mellom å vere beskrivande eller fortolkande i si framstilling av stoffet. Målet vil vere at intervjuobjekta kjenner seg att i det dei sjølv har kome med, men at dei også kan oppdage nye sider som dei sjølve ikkje var klar over (Hellevik, 2002, s. 196-198).

Allereie frå første stund er dette analysearbeidet vanskeleg sidan ein ikkje kan bruke ord og uttrykk frå oppgåveformuleringa i intervjuet. Kva som blir preferanse og kva som blir sosial kapital vil berre bli mi tolking. Difor har eg analysert intervjuet fleire gongar med to

ulike kodingar. Gjennom desse kodingane så har eg kunne tolka mine egne spørsmål og oppgåvelyden framfor å tolke ungdomens svar slik at den blir tilnærma lik utgangspunktet. Den eine kodinga mi gått på kva oppgåveformuleringa mi faktisk seier. I staden for å gå for uttrykka preferanse og sosial kapital så har eg då spurt meg sjølv kvifor ungdomen starta med aktiviteten og kvifor dei har valt å vere vidare eller ikkje. Ved å velje denne kodinga har eg kunna gått rett på svara og trekt dei ut, uavhengig av kva mitt spørsmål har vore. Den andre koding eg har brukt er å sjå etter ulike dimensjonar, som også går på kryss og tvers av spørsmåla. Med dimensjonar meiner eg tematikkar som dei ulike svara kan samlast under. Eg har brukt ein dimensjon som går på om ein har vore med på ein sosial aktivitet eller ein individuell aktivitet. I nokon samanhengar har desse også godt litt over i kvarandre, at ein har teke det sosiale med seg inn i ein individuell samanheng eller omvendt. Ein annan dimensjon er om ein har vore med på aktiviteten som ein deltakar eller som ein med ansvar. Det er fleire dimensjonar som vil bli lagt fram under sjølve analysekapittelet. Denne kodinga med kodingar har også gjort det slik at eg har sett svara på tvers av mine spørsmål i intervju, men då meir slik at eg har kunne samanfalla fleire spørsmål under ein og same dimensjon. Korleis den analysen eg har gjort då ser ut kjem vi til seinare i oppgåva.

3 Teoretisk bakteppe

I dette kapittelet vil eg presentere teoriar innan omgrepa *preferansar* og *sosial kapital*. Desse teoriane vil belyse dei funna eg har gjort gjennom mine intervju og sjå korleis dei påverkar opphaldet i eit kyrkjeleg fellesskap.

3.1 Preferanseteoriar

Kva er ein *preferanse*? Slik Aakvaag (2008) framstiller det så vil det seie at eit menneskje gjer det ein føretrekk dersom valet er heilt opp til ein sjølv (Aakvaag, 2008, s. 102-103). Korleis desse preferansane blir til variera ut i frå korleis kvart enkelt individ møter verden og gjer opp sine egne erfaringar. Med desse erfaringane vil ein sjølv finne ut kva som tilfredsstillar og kva som ikkje gjer det. Det er likevel kome fram fleire teoriar om kva slags preferansar menneskjer har. Nokon absolutte svar eksistera nemleg. Med absolutte svar meiner eg at det er nokon generelle teoriar som alle og ein kvar på ulike tidspunkt vil merke seg som preferansar. Om ein for eksempel blir svolten så vil alle ha den preferansen at dei vil finne noko som kan gjere ein mett. Kva spesifikt det vil vere vil vere ein individuell

preferanse, men den generelle vil vere lik for alle. Og med det i bakhovudet vil eg no presentere tre ulike teoriar; deprivasjonsteori, sosialiseringsteori, og teorien om rasjonelle val.

3.1.1 Deprivasjonsteori

For å danne eit fullstendig bilete av denne teorien startar Jon P. Knudsen (1994) med å presentere omgrepet *behov*. Her er det fleire framstillingar alt etter kva føremålet med omgrepet er. Ein har mellom anna Maslow sin behovspyramide som byggjer på at ein først må tilfredsstille sine biologiske behov for så å gå over på sine sosiale behov. Ei anna framstilling er innan det fenomenologisk eksistensialistiske. Ein tenkjer seg her at vi som menneskje føler at det er nødvendig for oss å søke oss ut av vårt biologiske utgangspunkt gjennom sosiale interaksjonar. Kritikken her ligg i ein angst av at det blir for biologisk knytt, men dette svarar han på då gjennom to moglege vegar. Den eine trekkjer på den marxistiske tankegangen. Alle våre behov må sjåast i samanheng med både ei historisk og ei sosial utvikling slik at kategorien blir i hovudsak sosialt, og ikkje biologisk. Den andre vegen å gå byggjer då på deprivasjonsteori, nemleg at ein er i ein slags mangeltilstand (Knudsen, 1994, s. 56).

Dette omgrepet *deprivasjon* må til meiner Knudsen (1994) for å kunne gjere omgrepet *behov* mogleg å setje i ein empirisk kontekst. Direkte oversett betyr det å *vere deprivert* at ein manglar eit eller anna. Satt i eit sosiologisk perspektiv vil det seie at ein som eit menneskje vil føle på at ein manglar noko anten det er fysiologiske eller psykologiske behov. Her må ein ta høgde for om ein snakkar om absolutt eller relativ deprivasjon. Med absolutt deprivasjon er det meint at ein trekkje konklusjon av deprivasjon utan å ha ein referanse på det. Eit eksempel på dette kan vere ein påstand som: "Tidlegare var folk meir religiøse". Det er ikkje feil, men det manglar gjerne nokon tilleggsopplysningar om ein skal kunne bruke dette analytisk. Om ein derimot brukar relativ deprivasjon så får ein inn den nødvendige referansen. For å bruke det same eksempelet som før, om vi her legg til "enn i dag", slik at påstanden blir: "Tidlegare var folk meir religiøse enn i dag", så har vi skapt eit referansepunkt i høve for kvarandre. Dette vil gi ein større presisjon (Knudsen, 1994, s. 86-87). Vidare bør vi òg dele inn i subjektiv og objektiv deprivasjon.

Ved objektiv deprivasjon er det noko ein som utanforståande person på objektivt grunnlag kan observere hjå eit anna menneskje. Dette vil nok vere mest aktuelt i ein fysisk tilstand der vi som observatør kan sjå fysisk eller materialistisk deprivasjon. Subjektiv deprivasjon spelar på eit individs egne følingar. Ein tenkjer at alle andre har alt medan ein sjølv manglar det sentrale. Det spelar ikkje nokon rolle om ein i teorien ikkje er deprivert dersom ein sjølv følar seg deprivert (Knudsen, 1994, s. 87-88).

Charles Glock og Rodney Stark (1965) set dette inn i eit religiøst perspektiv. Dei introdusera deprivasjonsuttrykket først i ein sekt versus kyrkje teori. Teorien baserar seg på korleis ulike sekter fekk sitt opphav, først ved å skilje seg frå kyrkja på teologisk grunnlag for så å kom til eit skilje for folk som var økonomisk deprivert. Denne sekt versus kyrkje teorien viser dei har litt problem på enkelte områder mellom anna fordi ein ikkje alltid kan karakterisere desse utskilnadane for sekter, og etter kvart haldt det ikkje med berre den økonomiske deprivasjonen heller fordi andre grupper oppstod frå mellomklassa (Glock, 1965, s. 242-246). Men dei legg då til grunn at teori rundt deprivasjon framleis er gyldig berre den blir litt formulert om. Dei legg då opp til fem ulike kategoriar for deprivasjon som dei meiner alle kan ha noko for seg ved utvikling av religiøse rørsler. Desse fem er økonomisk, sosial, organisk, etisk, og psykisk deprivasjon. Økonomisk deprivasjon går på korleis ein står i førehald løning og utgifter, desto mindre inntekter ein har desto meir deprivert kan ein føle seg. Men dette er då igjen avhengig av om ein ser på situasjonen objektivt eller subjektivt. Sosial deprivasjon baserar seg på eit ynskje hjå menneskje at vi vil oppnå anerkjenning hjå menneskja rundt oss gjennom status, makt, prestisje m.m. Deprivasjonen oppstår då som ein mangel på denne anerkjenninga. Det er eit skilje ein må ta høgde for. Sosial status og sosial klasse er to vegar å gå innan den sosiale samanhengen. Medan den sosiale klassa gjerne kan bli assosiert med økonomi, og slik sett bli samanlikna med økonomisk deprivasjon, så går sosial status mest på å bli akseptert uavhengig av finansiell bakgrunn. Organisk deprivasjon har eit fokus på kroppslege og mentale ulemper eit menneskje eventuelt har. Anten det er fysiske problem som det å vere blind eller lam, eller om det er mentale problem som nevrose eller psykose. Etisk deprivasjon kan samanliknast med etiske dilemma. Ein står då i ein situasjon der to eller fleire etiske grunnlag står ovanfor kvarandre, og ein har det vanskeleg for å velje. Eit eksempel frå det religiøse livet kan vere kva slags verdiar ein har ovanfor sine vener. Om ein har vener som ikkje har dei same

grensene for mellom anna drikking så kan ein føle at det blir vanskeleg å velje. Psykisk deprivasjon er den siste forma Glock trekkjer fram. Utgangspunktet for denne ligg i det verdisynet kvart individ har. Om ein ikkje har eit system med verdier som ein kan forme livet sitt etter kan ein føle seg utilpass og ha det vanskeleg for å fylgje andre verdier. Om ein lid av denne type deprivasjon vil ein vere på utkikk etter nye stadar og samanhengar for å kunne få eit verdisystem som kan skape orden i livet (Glock, 1965, s. 246-248). Knudsen (1994) trekkjer fram Ommund Rolfsen, ein norsk sosiolog, som utvida denne deprivasjonsteorien. Han meinte ein kunne trekkje inn ein ny type deprivasjon, eksistensiell deprivasjon. Denne deprivasjonen går ut på at ein føler ein manglar noko eksistensielle svar. Kva er meninga med livet og korleis dette kan sjåast i lys av religiøsitetens synd og skam er då sentralt for at ein oppsøker eit religiøst fellesskap. Knudsen meiner vidare at ein med fordel kan knyte dette saman med Peter L Bergers teori om anomie og sekularisering. Anomie er ein tilstand for eit menneskje der den religiøse ramma ein eventuelt har fell saman. Gjennom urbanisering og sekulariseringa som skjer i verdssamfunnet så er det mange som hamnar i ein posisjon der deira syn på verda fell i grus. Når dette skjer oppstår det gjerne eit behov for andre trussystem som kan svare på dei nye spørsmåla og slik oppstår det fleire alternative religiøse retningar. Men desse er berre alternative. Desto fleire slike religiøse retningar som oppstår desto meir svekka blir kvar retning. Alle hevdar dei har rett, noko som ikkje er mogleg. Det er difor viktig for dei store religiøse samfunna å prøve å kjenne att dei aktuelle anomiane for å kunne gi svar så godt som råd (Knudsen, 1994, s. 90-91). Det er derimot retta mykje kritikk mot deprivasjonsteorien på eit generelt grunnlag.

Det første problemet eg vil trekkje fram er basert på kor vidt ein kan tenkje seg at ein mangel på noko kan vere ein vedvarande motivasjon for å fortsette i eit religiøst fellesskap. Det vil vel kanskje vere eit håp om at den mangelen ein på eit tidspunkt har forsvinn. Slik sett vil det vere vanskeleg å sjå på denne teorien som eit grunnlag for vidare deltaking i eit kyrkjeleg fellesskap, men at den framleis kan bli brukt som rekrutteringsteori (Knudsen, 1994). Ein annan kritikk var retta mot Glock sin uttale om at dei med flest manglar var dei med størst engasjement. På eit vis er denne kritikken korrekt fordi ein kunne sjå fleire som mellom anna ikkje var økonomisk depriverte som var veldig aktive. Eit problem med denne kritikken var at ein ikkje tok høgde for dei andre deprivasjons kategoriane. Det siste eg trekkjer fram er teoretisk kritikk. Ein var retta mot problemet rundt kvifor ikkje alle

depriverte gjekk til eit religiøst fellesskap. Ein annan kritikk meinte at ein hadde eit litt for marknadsretta syn, ein såg berre på førespurnadar (Furseth, 2003, s. 140-141).

Korleis kan då deprivasjonsteorien vere relevant for meg? Furseth (2003) skriv at noko av det viktigaste i denne teorien er at religionen kan kompensere for dei manglane eit menneskje skulle ha. Det kan vere i større eller mindre grad retta mot rein religiøsitet, men det er ikkje dermed sagt at det ikkje vil fungere (Furseth, 2003, s. 140).

Det å ta i bruk eit ord som deprivasjon vil ikkje treffe målgruppa mi, men det er noko som er veldig tydeleg med denne teorien; den er på utkikk etter noko ein manglar. Korleis har eg så plukka opp på dette? Eg har då mellom anna gått etter ord som vil vere synonyme til "manglar" som for eksempel "få", "aldri" og "mindre". Satt i riktig kontekst kan desse bety at ein manglar noko. Eit eksempel kan vere ; "Eg har så få vener at eg tenkte kanskje eg kunne få meg nokon fleire her". Men det er eit anna ord som også vil spele inn, "behov". Som ein ser innleiingsvis til denne teorien så kan "behov" vere vel så sentralt. Det er ikkje sikkert at ein heilt sjølv ser mangelen, men at ein merkar eit behov for spesifikke ting, som for eksempel svar på eksistensielle spørsmål.

Det kan vere at ein ungdom følar ein manglar venar og at det kan vere ein faktor, eller så kan det vere meir djuptliggande nivå som at ein har ein mangel på grenser. Korleis dette kjem fram kjem seinare, men først litt om sosialiseringsteori.

3.1.2 Sosialiseringsteori

Den norske sosiologen Vilhelm Aubert (1981) skriv om sosialisering at det er ein prosess der eit menneskje kjem inn i ei rolle. Når han då tenkjer på rolle trekkjer han fram ein definisjon.

"Ei rolle blir ... avgrensa ved summen av dei normer som er knytt til ei bestemt oppgåve eller stilling." - Aubert, 1981, s. 99

Eit eksempel på dette kan vere ein mannleg prest. I heimen kan han vere veldig emosjonelle, men om han då skal vidare i ein sørgjesamtale så vil han ta på seg ei maske og vere den personen som dei sørgjande treng. Han tek på sei ei formell rolle som fylgjer med jobben. Men det kan òg vere han har ei uformell rolle dersom den sosiale omstenda har eit behov for det. Om ein for eksempel har noko meir enn ein formell relasjon kan det vere

behov for ei meir venleg tilnærming. Aubert har nemleg tre faktorar som påverkar heilskapsinntrykket av ei rolle; *stilling, rolle og rolleåttferd*. *Stilling* er knytt til den formelle posisjonen ein har i ein gitt samanheng. *Rolle* omhandlar dei tankane alle rundt har om korleis den stillinga skal utførst. *Rolleåttferd* vil vere korleis rolle innehavaren faktisk utfører rolla si (Aubert,1981). Dette vil riktig nok vere mest knytt til ein samanheng der ein person har ein formell posisjon i høve andre. Men det er ikkje dermed sagt at dette ikkje er mogleg å overføre til mi samanheng.

Inger Furseth (2003)¹ går ut i frå eit meir generelt ståsted. Her blir det tatt høgde for den sosiale konteksta eit kvart menneskje står i til ein kvar tid. Det er viktig å ha sosialiseringaspektet i ein så vid forstand som mogleg. Det handlar ikkje berre om ord, men òg om handlingar. Allereie frå ein er barn vil ein leggje merke til både kva ein forelder seier og gjer.² Denne eller desse foreldra vil då automatisk ha ei rolle for barnet. Men det er ikkje berre ei foreldrerolle som eksisterer i dagens samfunn. Anten det er i familiesamanheng eller arbeidssamanheng, som nemnt tidlegar, eller annan sosial samanheng så vil ei ha ei slags rolle. Nokon roller vil vere der for alltid medan andre vil endre seg med tida. I tillegg er det enkelte roller der det vil vere rom for ei personleg tolking. Om ein sosialiseringssprosess skal bli sett på som vellukka så skal det aktuelle mennesket ha funne sin plass i samfunnet som vil bestå av sitt sett med normer og reglar. Dette vil òg gjelde eit religiøst fellesskap (Furseth, 2003, s. 141-142). Furseth tek seg òg føre eit skilje mellom formell og uformell sosialisering, men då litt annleis enn Aubert. Furseth meiner at det som avgjer kva som er formelt og uformelt går på sanksjonar. Sanksjonar er då assosiert med anten straff eller løning, altså kan dei vere både positive og negative, det vil vere samanhengen som avgjer. I ein formell samanheng vil det vere nyttig med eit sanksjonssystem fordi ein då kan lettare oppnå eit høgare produksjonsnivå. Det vil sei at ein gjennom sanksjonar kan få arbeidet, som trengs, gjort. I ein uformell kontekst derimot vil det ikkje vere behov for sanksjonar fordi ein då får gitte normer inn som fornuft eller at dei blir tekne for gitt. Samstundes skal ein ikkje kimse av eit godkjennande nikk eller eit stramt ansikt (Furseth,2003, s. 142).

¹ Det kan kanskje virke som ei svakheit å bruke henne som referanse, men ho sjølv skriv i si bok at alle som skriv om denne teorien er like, og at det ikkje er nødvendig med andre referansar. Eg valde å bruke henne fordi eg følte at hennar framstilling var den mest forståelege.

² Dette tek òg Aubert (1981) opp.

Med kontekst i eit kristent kyrkjelege fellesskap, så høyrer det med at dei som er oppvekst i ein religiøs familie også har større sjanse for å sjølv bli religiøse. Det er ikkje dermed sagt at ein ikkje har unntak. Om ein heile tida treng på med sanksjonar for å overtude eit anna menneskje så kan ein til slutt møte motvilje. Men her kjem vi inn på ein viktig faktor. Kven går så langt og kvifor? Eg vil då trekkje fram to omgrep; *primær* og *sekundær* sosialisering. *Primær sosialisering* er den sosialiseringsprosessen som ein har nærmast seg. Det vil sei at den nærmaste familie og dei banda ein knytt tidleg i livet som kontinuerleg påverkar oppveksten gjennom normer og verdiar. Dette vil vere mest aktuelt så lenge ein er knytt til heimen under formelle kår. Men ein blir påverka av andre òg. *Sekundær sosialisering* er då dei instansane som ein blir involvert i etter kvart som ein blir eldre. Skule og fritidssysler er slike instansar. Her vil ein møte både gamle og nye normer og verdiar som ein blir sosialisert inn i, men desse vil samstundes ikkje ha like mykje påverknad på alle områda. Dei vil vere retta mot enkelte områder og påverke deretter (Berger, 2000, s. 135-150).

Sosiologen Dennis Wrong kritiserer denne tilnærminga til Berger. Han påpeikar at det er mange fleire faktorar som vil påverke i ein sosialiseringsprosess. Både ein indre kamp hjå menneskja og meir målretta bevisstheit var noko han trakk fram. Han seier så vidare at ein slik teori ikkje tek høgde for at vi menneskjer kanskje blir satt under tvang via makt for at vi skal innordne oss gitte normer. Det blir også framheva at vi menneskjer blir i denne teorien framsett som avhengig av folks aksept, at det er ut i frå denne aksepten at vi handlar som vi gjer. Ei anna generell svakheit er at denne teorien har vanskar med å forklare endringar, men kan likevel forklare kvifor ein person vel å halde fram med noko (Furseth, 2003, s. 143).

Til tross for denne kritikken er det ikkje tvil om at teorien om sosialisering er høgaktuell for kyrkjeleg fellesskap. Det er mange som veks opp innan eit stort religiøst fellesskap og blir oppdratt der etter. Dei vil knyte sterke band med andre menneskjer, normer og verdiar som blir framheva som gode og riktige. Ei sterk påverknadskraft i tillegg til familien kan vere andre religiøse førebilete. Slik samfunnet i Noreg er i dag, veldig sekularisert, så er det ikkje så veldig mange lokalsamfunn som framhevar ei spesiell retning innan religiøsitet, sjølv om kanskje folkekyrkja står sterkt i Noreg. Det er derfor først og fremst menneskjer som i dag står nærme som vil bidra til at ein person blir religiøs meir enn eit heilt samfunn (Furseth, 2003, s. 144).

Men for å setje dette inn i mi kontekst er det då eit par spørsmål som dukkar opp hjå meg. Korleis kan denne teorien vere ein preferanseteori? Det verkar meir som at ein blir uvitande sosialisert inn i eit fellesskap. Ein preferanse er noko ein sjølv gjer etter eige ynskje så langt det let seg gjere, og gjennom ein sosialiseringsprosess så verkar det ikkje som om ein har mykje val. Men gjennom denne teorien så ser ein at det ikkje alltid er tilfellet at ein slik prosess blir vellukka. Dette viser at ein ikkje teke alt for god fisk. Når ein så er sosialisert inn i eit slikt fellesskap så vil det kanskje etter kvart vere at ein sjølv likar dette fellesskapet og at ein gjennom ein sosialiseringsprosess har fått eit slikt fellesskap som ein preferanse for vidare å ville vere med i det.

Slik eg har presentert i siste avsnitt har eg brukt denne teorien vidare. Eg har sjølv høyrte folk som seier at dei er med fordi dei alltid har vore med. Sosialiseringsprosess vil ha ulik verknad på ulike ungdomar. Det som eg har prøvd å kjenne att gjennom denne oppgåva med denne teorien er dei som "alltid" har vore med. Anten det er fordi venane alltid har gått der eller det er foreldra som har fått dei til å gå i eit kyrkjeleg fellesskap slik at ungdomen gjennom ein prosess faktisk likar seg i den samanhengen så har ein då gjennom ein sosialiseringsprosess fått det kyrkjelege fellesskapet som ein preferanse som ein vil gå til vidare. Eg vil seinare vise at det er eit skilje mellom dei som blir "tvungen" til å gå dit og dei som gjer det med bakgrunn i ein preferanse. Sjølv om ein ungdom alltid har vore med så kan det vere fordi dei ikkje vil skuffe sine foreldre, noko som vil gjere at eg ikkje kan setje vedkomande under denne preferansen. Men det har då vore viktig for meg at eg gjennom det semi-strukturerte intervjuet har kunna stille oppfylgingsspørsmål for oppklaring.

No har det seg slik at vi lever i eit samfunn med mange trusretningar noko som gjer at ein har fleire val og ein må difor reflektere meir over det valet ein faktisk tek. Og då kjem vi over på neste teori.

3.1.3 Teorien om rasjonelle val

Bakgrunnen for denne teorien om rasjonelle val ligg i ein økonoms verden og for å vise dette har Rodney Stark og William Bainbridge (1996) kome med ein deduktiv teori av rasjonelle val basert på at menneskjer alltid vil ha evig liv. Ved å tilnærma seg på ein deduktiv måte beveger dei seg inn på eit område som dei meiner ikkje blir heilt verdsatt i den sosiologiske verden. Stark og Bainbridge meiner derimot at ei slik tilnærming møter

kriteriene for forskning av teoriar på ein elegant og sterk måte. Ein deduktiv teori, som teorien om rasjonelle val, byggjer på at ein kan trekkje ut enkelte delar av teorien for å sjå om den empirisk kan påvisast eller ikkje (Stark, 1996, s. 13). Dette bringer oss over på korleis Stark og Bainbridge analyserar vidare. Dei startar analyse ved å bruke eit *aksiom*. Eit aksiom er ein generell samfunnsgitt påstand som ikkje kan empirisk testast ut, men som på tross av dette vil vere allment godkjent. Ut i frå desse aksioma kan ein trekkje ut andre *forslag* til framstillingar ved bruk av fornufta. Det som er viktig på dette andre stadiet er at uansett så må desse framstillingane ha ord eller uttrykk som ein kan falsifisere, det vil sei at dei må vere empirisk etterprøvbare. Denne etterprøvinga ved bruk av *definisjonar* vil då vere eit tredje stadiet ved eit deduktivt forskingsarbeid. Det er gjennom dette tredje stadiet at ein kjem ned på eit nivå der vi kan relatere aksioma og forslaga til vår empiriske verd (Stark, 1996, s. 26). Dei viser dette gjennom ein teori om menneskjers handlingar. Ved å først bruke ulike aksiom, så andre forslag, for så å sjå på moglegheita til å definere nokon ord og uttrykk som blir brukt i desse framstillingane så prøvar dei å vise oss korleis vi menneskjer handlar ut i frå omgrepa “kostnad” og “løning”. Dei framstiller ulike aksiom og ulike forslag til korleis eit menneskje vil få mest mogleg ved å gi minste mogleg, gjennom sunn fornuft. Etter bruk av denne sunne fornufta trekkjer dei ut ord og omgrep som kan definerast innan den empiriske verda. Ved å gjere dette prøvar dei å oppnå ein legitimitet til den fornuftige tenkinga. Det vi kan sjå gjennom denne fornuftige tenkinga er val som er gjort rasjonelt. For eksempel skriv Stark og Bainbridge eit aksiom om korleis løningane er ulike, anten det er av verdi, typar eller generelle løningar. Med dette er det meint at ein kan sjå på både pengar (verdi) og forklaringar på eit spørsmål (generelle løningar) som ulike typar for løning (Stark, 1996, s. 27ff). Det er altså rasjonelt å tenkje på kva som gir best svar på det vi som menneskje tenkjer på, noko som bringer oss over på det meir religionsspesifikke ved sosiologien. Her presenterer så Stark og Bainbridge oss for eit nytt omgrep, *kompensator*. Med ein kompensator er det meint at ein i staden for å få empiri så finn ein løysingar som kan kompensere for empirien. Spørsmål som ein ikkje kan finne empiri på, som for eksempel kva som er meininga med livet, kan ein i staden finne eit kompenserande svar gjennom religion. Dei definerer altså religion til eit system av kompensatorar for å forklare overnaturlige hendingar. Det vil sei at folk som har spørsmål vitskapsen ikkje kan svare på søkjer mot mellom anna religionen i eit forsøk på å få eit svar som kan fungere på ein tilfredsstillande måte (Stark, 1996, s. 36-42). I den samanhengen trekkjer Stark og Bainbridge inn religiøse

organisasjonar. Dei meiner at det er opp til dei ulike religiøse organisasjonane å sørge for at dei ulike kompensasjonane som tilhøyrar deira tru blir så gode og tilrettelagde for sine tilhøyrarar som mogleg.

Steve Bruce (1999) har skreve ei bok der han rettar ein sterk kritikk mot teorien om rasjonelle val. Det første han trekkjer fram er at denne økonomiske tilnærminga har vanskar med å få forståing når ein skal prøve å forklare oppførselen til folk som gjer rasjonelle val. Med det er det meint at sjølv om noko verkar rasjonelt for nokon så kan andre oppleve dette som irrasjonelt. Alt er i lys av ulike oppførslar og individ (Bruce, 1999, s. 121). Det er likevel ikkje her Bruce er mest oppteken. Det er når dei rasjonelle vala ein gjer i livet er sjølvmotseiande at det oppstår problem. Han trekkjer då fram eit eksempel frå Stark sitt eige liv. Stark meiner at sidan dei tyske geistlege får løn uavhengig av deira popularitet så hadde det vore betre for dei om kyrkja hadde vore tom fordi førebuingane deira til desse gudstenestene då ikkje ville krevja så mykje tid. Bruce trekkjer så dette inn i livet til Stark og spør om Stark, som er professor ved eit universitet, synast det hadde vore greitt utan studentar å undervise fordi han uansett ville ha fått betalt. Faktumet i denne samanhengen er at Stark sjølv sikkert vil ha studentar som høyrer kva han har å seie, studentar som har lyst til å lære frå han. Så trekkjer Bruce fram to hovudpunkt som motverkar teorien om rasjonelle val. Det først punktet Bruce då trekkjer fram er at det ikkje er mogleg å samanlikne religion med kvarandre for å kunne velje det riktige rasjonelle valet. Innan økonomiens verden kan vi finne to like produkt og velje den til best pris, men innan den religiøse verda så kan ein ikkje samanlikne på same måte sidan det ikkje er mogleg å setje ein pris på religionane. Slik sett så kan ikkje vi gjere det mest rasjonelle valet fordi vi ikkje veit kva dette valet vil vere. Det andre punktet Bruce trekkjer fram byggjer på at dei vala vi gjer innan religion ofte blir gjort i lys av den religionen ein var blitt oppdregen i. Og når ein då har gjort eit val så skal ein eigentleg halde seg ved det valet. Men no er det mange ulike typar religionar der ute og kva som vil vere rasjonelt til ein kvar tid vil alltid vere avhengig av folk og kulturar rundt seg. Om ein samanliknar dette med ekteskap. Ved eit ekteskap lovar ein evig truskap, men i dagens samfunn er det ikkje så altfor uvanleg å skilje seg. Så finn ein seg ein ny ektefelle, og sjølv om ein ikkje trur det varer noko lengre enn det førre so lovar ein likevel evig truskap. Religion vil alltid vere påverka av organisasjonar og ein spesiell identitet, og så lenge dette er aktuelt så vil ikkje det vere mogleg å velje religion på eit

rasjonelt vis fordi det aldri vil vere berre basert på personleg preferanse (Bruce, 1999, s. 121-129).

3.1.3.1 Utviding av teorien om rasjonelle val

Problemet til teorien om rasjonelle val slik Stark presenterer den ligg i synet på menneskets målsetjing. For det er ikkje berre ei meining med livet og kva som gir mest for minst arbeid. Eit par andre faktorar ein må trekkje inn er meining og tilhøring (McGuire, 2002, kap. 2). Det er kjent for oss menneskjer at vi ikkje har svaret på alt i livet. Det er mykje der ute som vi ikkje forstår. Med vitskapen har det berre dukka opp fleire og fleire spørsmål som ein prøvar å få svar på. Det svaret ein då er på utkikk etter er gjerne noko som vil gi meining. Meining er altså noko som får ei spesiell tyding i gitte situasjonar (McGuire, 2002, s. 26). Eit eksempel kan vere ein ungdom som er i eit kyrkjeleg fellesskap fordi “alle venane er der” eller fordi “vedkomande opplevde noko uforståeleg”. Korleis denne meininga kjem fram er avhengig av situasjonar og tid. Det er uansett noko som fargar kvardagen vår, om noko ikkje gir meining søker vi etter meininga. I denne søken etter meining fylgjer vi gitte sosiale aksepterte meiningssystem, basert på våre personlege refleksjonar (McGuire, 2002, s. 27). For eksempel kan det vere greitt innan dei sosiale grensene i eit kyrkjeleg fellesskap å seie at ein er kalla av Gud, men korleis denne kallinga gir meining vil vere reflektert i sitt personlege utgangspunkt. Og her kjem eg inn på eit viktig skilje, kva som gir meining for ei sosial gruppe og kva som gir meining for individet. Ei gruppe sine normer og reglar vil gi meining til folk som lever innan gruppa og gi ei meining om korleis ting skal vere. Når det gjeld den individuelle sine eigne meiningar så kjem ikkje dei ut av ingenting. Ein blir forma den sosiale konteksta ein til ein kvar tid finn seg i. Slik sett liknar dette perspektivet veldig på sosialiseringsteori. Den store forskjellen ligg i den konstante søken etter meining basert på rasjonelle val (McGuire, 2002, s. 30-31). Det som kan gjere søken etter meining enklare kan vere nettopp at den meininga ein sjølv har eksisterer i ei større sosial gruppe. Vi kjem då her inn på tilhøring. Det vil vere enklare og styrkande om det er fleire som har dei same meiningane. På den måten vil eigne meiningar bli meir truverdige. Ein ser også tilfelle der slik religiøs tilhøring vil ha mykje å seie i den større sosiale konteksta ein står i. Det kan fort hende at ein då ikkje ser nokon alternativ til dei gitte meiningane fordi ein då ikkje ser forskjell på den religiøse gruppa og den sosiale konteksta den igjen står i (McGuire, 2002, s. 37-38).

Slik eg vil bruke denne teorien vidare så går det litt på å gå til det fellesskapet som ein føler gir mest meining. Om det anten er dei store spørsmåla rundt livet generelt eller om det gjeld venskap og at det gir mest meining å gå dit fordi det er der det er flest vener så er det ei meining som kan sjåast på som rasjonell. Kva som vil vere rasjonelt for ein ungdom kan virke både uforståeleg og vanskeleg, men som intervjuar har eg sett etter svar der ungdomen går for det som gav mest meining. Ungdomar kan vere veldig reflekterte over sine livsval og kan reflektere dette i valet av det kyrkjelege fellesskapet. Samstundes er det store forskjellar. Men det er fleire rasjonelle val ein kan ta basert på kva ein føretrekk. Dette kan vere vener, aktiviteten eller andre menneskjer. Men dette kjem eg til seinare.

3.2 Teori om sosial kapital

For å få ei forståing i djupna av dette omgrepet kan vi først ta for oss ordet kapital. Pierre Bourdieu definerer dette omgrepet som små ressursar som det er fleire om beinet (Bourdieu, 1986). Ved å opparbeide seg ein viss kapital vil ein kunne vere gjennomslagskraftig og oppnå fordelar i sosiale samanhengar. Det blir her altså framstilt som både eit mål og middel. Til ein kvar tid vil eit menneskje prøve å søke etter meir kapital ved å bruke den kapitalen ein allereie har opparbeida seg. I lys av dette blir sosial kapital eit arbeid for å få vere ein del av eit større fellesskap som kan gi nytte for seg ved seinare høve (Ibid.).

Som Bourdieu framstiller Robert Putnam (2006) også sosial kapital med eit fokus på verdi. Slik Putnam framstiller det så baserar det seg på tilknytning mellom eit eller fleire personar. Desse tilknytningane vil då bringe med seg eit sett normer innan tillit og gjensidig respekt. Her set Putnam opp eit viktig skilje. Sosial kapital kan nemleg forvekslast med medmenneskeleg dyd. Den store skilnaden ligg i heilheitsbiletet. Kvart enkelt menneskje kan vere sterke på dydane, men ein treng fleire i eit samhald for at ein skal kunne ha ein sosial kapital. Det ein då byggjer på er ikkje dei individuelle eigenskapane, men dei banda ein knyt i eit fellesskap. Ein har eit behov for å fylle opp sin sosiale kapital for å kunne prestere som best. Men sosial kapital har fleire aspekt ved seg. Ein kan sjå på det individuelt eller kollektivt. Ved eit individuelt tilfelle av sosial kapital kan målet for den sosiale relasjonen vere å få seg eit fortrinn i ein gitt situasjon. Det kan mellom anna vere snakk om å stifte kjenskap med ein som sitt i ein leiarposisjon for ein jobb som skal vere ynskjeleg. Sosial kapital kan altså bli sett på som eit førehald der ein kan forvente seg å få nokon fordelar anten det er i ein arbeidssamanheng eller om ein treng hjelp ved sjukdom. Ein kan tenkje seg

her at ein fort kan ende opp med mange individualistar som berre tenkjer på seg sjølv. Det har derimot vist seg at produktiviteten og utnyttinga av ressursane blir betre dersom ein ikkje berre tenkjer på seg sjølv, men at ein i tillegg til å vere oppteken av fordelane ved førehaldet også vil ha ein god relasjon utanom dei aktuelle fordelane. Om ein ser på sosial kapital med eit kollektivt fokus kan ein tenkje seg organisasjonar eller klubbar der fokuset deira vil vere å hjelpe lokalsamfunnet samstundes som ein får medlemar som kan knyte band og nytte seg av kvarandre sine nettverk (Putnam, 2006, s. 18-20; Putnam, 2000, s. 18-20; Bourdieu, 1986).

Ein viktig tanke innan sosial kapital går på gjengjeldstanken: "Om eg gjer noko for deg så kan du kanskje gjere noko for meg no eller seinare". Nokon gongar vil det vere naturleg med ei direkte tilnærming. Om ein gjere ei teneste for ein anna kan ein spør med det same om den andre kan gjere noko tilbake. Den litt meir indirekte tilnærminga vil nok vere at ein seier ein ikkje treng noko tilbake, men med eit håp eller forventning av at det likevel skal kome hjelp på eit seinare tidspunkt dersom ein treng det. Ein kan tenkje seg at ein då innan nettverket har ein uskriven regel som seier at ein vil hjelpe kvarandre anten ein blir spurt eller ikkje, noko som vil vere meir verdifullt fordi ein då gjer tenestene basert på sin eigen vilje. Om ein byggjer opp denne frivillige gjengjeldstanken så byggjer ein opp ein betre valuta. Med det er det meint at når ein skal gjere handel så vil pengar vere betre enn å byte vare mot vare. På same måte kan ein innan eit sosialt nettverk med ein grunnleggande gjengjeldstanke vere betre enn dei spesifikke der ein spør om ei teneste til gjengjeld direkte. For det er ein tryggande tanke å vite at sjølv om ein ikkje gjengjelde tenestene med ein gong så vil ein framleis få hjelp vidare, og på eit tidspunkt vil ein kunne gjengjelde. Ved spesifikke tilfelle kan ein fort samanlikne verdien av tenestene, men ved generelle tilfelle vil ein kunne berre vite at ein dag så vil ein kunne hjelpe andre etter sjølv å ha fått mykje hjelp. Dette igjen er med på å byggje opp tilliten i det sosiale nettverket, anten dette er naboane dine, venane dine, familien din eller kyrkja di (Putnam, 2000, s. 20-21; Putnam, 2006, s. 20-21; Bourdieu, 1986).

Alt er ikkje berre positivt med sosial kapital. På lik line som alle andre typar kapital kan også denne typen kapital bli misbrukt. Det eksisterer fleire eksempel på større sosiale nettverk som har utnytta den sosiale kapitalen til å gjere gale ting. Vi har eksempel som Ku Klux Klan, Heaven's Gate, og nazismen. Alle desse er basert på større nettverk og den

kapitalen dei innehar, men som ikkje har vore til det betre. Så då kjem det eit naturleg spørsmål om korleis ein kan framheve den gode sosiale kapitalen framfor den vonde. Og dette bringer oss over på ulike typar for sosial kapital. For det seier seg sjølv at det er ikkje alle sosiale nettverk som oppstår og held saman på same måte, og dermed vil det også vere forskjellar på kva slags kapital som vil oppstå. Vi har mellom anna dei som møter kvar veke til bibelgrupper og gudsteneste, vi har dei ein møter på butikken, så har vi dei som ein spelar fotball saman med, eller så kan det vere dei som er med i same organisasjon. Nokon av desse byggjer den sosiale kapitalen innan ein privat sektor medan noko byggjer den sosiale kapitalen innan det offentlege, og noko innan begge. Men den viktigaste forskjellen innan sosial kapital ligg i to ulike dimensjonar, inkluderande eller eksklusiv. Med eksklusiv sosial kapital er det meint dei som samlast rundt nokon særreigne fellesinteresser eller fellesfaktorar. Ei bibelgruppe kan vere litt slik fordi det krevjast at ein har interesse for bibelen og innhaldet der. Når ein då tenkjer på inkluderande sosial kapital går det den andre vegen. Ein dannar tilknytningar på kryss av interesser. Økumeniske organisasjonar og menneskerettsorganisasjonar er eksempel på korleis ein kan danne sosial kapital på kryss av særreigne interesser. Sosionomen Xavier de Souza Briggs setter desse to opp som at eksklusiv sosial kapital fungerer godt for å kunne klare seg greitt medan inkluderande sosial kapital vil kunne gi fordelar (Putnam, 2000, s. 21-23; Putnam, 2006, s. 21-23). Med dette er det meint at desse to typane for sosial kapital vil ha ulikt fokus som igjen vil avgjere formålet med den sosiale kapitalen. Det vil mellom anna vere veldig styrkande med eit eksklusivt perspektiv dersom ein var på utkikk etter å styrkje dei førehalda ein allereie har. Men om ein vil prøve å utvide sine horisontar så er ein avhengig av å tenkje inkluderande sosial kapital når det gjeld tematikken (Ibid.).

4 Analyse av mine intervju

Eg vil starte analysa med å presentere dei to ulike kyrkjelydane eg har brukt inn mot denne oppgåva. Etter å ha kome fram til at eg ville bruke ei kvalitativ tilnærming til mi oppgåve så var måtte eg leggje ned nokon premisser for at eg skulle kunne lukkast. Den aller viktigaste premissen eg då måtte ha med var at intervjuobjekta anten var eller hadde vore aktive innanfor eit kyrkjeleg fellesskap. For at denne premissen skulle bli imøtekomen tok eg kontakt med ein tilsett ved to ulike kyrkjelydar, den eine på austlandet medan den andre ligg

på vestlandet. Den aktuelle kyrkjelyden på austlandet er ei av fire kyrkjer i området som ein soknar til. Den er kanskje den som blir sett på som nærmast grasrota i området. Dei har eit fokus på folket som er i nærmiljøet, og då spesielt mot den yngre garde. Heilt sidan det nye prosjektet rundt den nye trusopplæringsplanen starta var denne kyrkjelyden aktivt med. Dette har den forsett med, og det med stor suksess. Kyrkjelyden på vestlandet som var aktuell er ei einsleg kyrkje i eit sokn, der alle medlemmene soknar til denne kyrkja. Denne kyrkjelyden kom seint inn i biletet i høve den nye trusopplæringsplanen, men det har ikkje hindra dei i å få stor oppslutning om dåp og dei tidlegaste årsrelaterte aktivitetstilboda. Dei har òg på eige initiativ starta på eiga hand med tiltak som tilhøyrar trusopplæringsplanen. Det ungdomsarbeidet dei har byggjer på tette samarbeidsband med dei ulike kristne organisasjonane som eksisterer i området. Dette inkluderer då både KFUK-KFUM, KRIK og NMS/NMS U. Alle desse organisasjonane i samarbeid med kyrkjelyden har då gode aktivitetstilbod som får god oppslutning. Slik sett har eg kome til to kyrkjelydar der det blir satsa stort på ungdomsarbeidet, noko som er gunstig for mi oppgåve. Så over til analysen.

Under kapittelet for metode så har eg skrive om dei to ulike typar for koding som eg har teke i bruk for å trekkje ut aktuelle funn frå intervjuet. Desse to vil også fungere som overordna anker gjennom framstillinga av mine funn, og først ut er den todelte inndelinga.

4.1 “Kvifor starte med aktiviteten og kvifor vere med vidare?”

Slik denne kodinga har fungert for meg så har den heilt konkret gått rett inn i intervjuobjektas svar. Ved å stille desse spørsmåla så hadde eg moglegheita til å få luke vekk dei historiene som ikkje påverka oppgåva og heller få fram dei svara som eg vidare kan bruke i samanheng med teorien. Samstundes ser eg det som fruktbart å setje inn ein del direkte sitat her for å ikkje miste heilskapen frå intervjuet. For det er mykje interessant å sjå.

Med tanke på noko av den forskinga som er gjort på området så er det framleis veldig overbevisande at det sosiale fellesskapet er ein av dei viktigaste faktorane for at ein ungdom skal starte med, og vere med vidare på, ein aktivitet. Sjølv om viktigheita av dette har variert i frå mindre viktig til heilt avgjerande så er den tilstade hjå dei alle. Dette gjekk for eksempel på venskap. For nokon er den heilt avgjerande på alle måtar. Det å ha ein ven med seg gjer at vedkomande har det gøy i aktiviteten.

Kva har det å seie for deg kven som er med på dette konfirmantleiarteamet?

Det har mykje å seie kven som er med fordi at det visst det ikkje hadde vore dei same venane som hadde vore med så hadde eg mest sannsynleg ikkje vore med. Fordi det er no dei som gjer det gøy, og korleis vi har det saman. – Gut nr. 4

Hadde det ikkje vore for at han hadde hatt vener med så hadde han mest truleg ikkje vore med på aktiviteten i det heile tatt. Han grunnar dette med at det er venene som gjer aktiviteten gøy. Det var derimot ikkje alle som var like avhengige av venane rundt seg.

Men på desse temasamlingane, då er det no konfirmantane, men du sei også at det er fleire medleiarar/ungdomsleiarar, kva har det å seie for deg kven som er med der? Er det nokon du tenkje som må vere med eller kva har det å seie for deg?

Altså, det er, vel visst det er ein eller to av mine aller beste kompisar som er leiarar som ikkje er med så blir det sjølvsgatt litt meir keisamt, men det blir ikkje slik at eg mistar motivasjonen til å vere med, visst du skjønar kva eg meiner. Det er.. Det er fint visst dei er med fordi då blir, altså skal eg seie, då har vi det skikkeleg megagøy, men vi har det framleis utruleg gøy sjølv om ein eller to er vekke liksom. – Gut nr. 3

Han set pris på å ha med sine beste vener på aktiviteten. Det vil då vere mest morosamt, men likevel ikkje avgjerande for at han skal ha motivasjon til å fortsette og framleis ha det veldig gøy. For andre så går det ikkje rett på venskap, men meir fellesskapet. Folk skal kunne kome som dei er.

Du nemnde også tensing-arbeidet.. Kan du fortelje meg kvifor du går på tensing?

Ja.. Ehm, eg synast det er veldig kjekt å drive med musikk. Synge og halde på.. Og så har eg det veldig kjekt på tensing, og vi har, eg følar, eg følar i alle fall at alle har på ein måte, eller i alle fall, vi har eit veldig fint fellesskap der alle er på ein måte inkludert, og, ja. Det er, det er veldig kjekt. Ehm, og så, eh, trur eg, eg trur det er viktig, på ein måte for mange som er på tensing, så trur eg, trur eg at det er på ein måte ein viktig del av kvardagen da, der, og eg håpar og trur at det er ein plass der ein kan vere seg sjølv da, og det trur eg er veldig viktig. – Jente nr. 1

Her har ikkje denne jenta eit fokus på at dei riktige personane skal vere med til ein kvar tid for at ho sjølv skal få det bra.

Også ein gjentakande faktor for at ein person starta med ein aktivitet var etterspurnad. Ved fleire høver har nokon av intervjuobjekta blitt spurt om å bli med. Kva som har vore avgjerande for at akkurat desse personane har blitt spurt er ikkje det alle som kan svare på, men ein har ei meining om dette.

Men då kan vi starte med, kvifor blei du med på tensing? Kvifor starta du som dirigent i tensing?

Eg starta som dirigent fordi at (særnamn) spurte meg ein dag om eg hadde lyst til å bli dirigent i tensing rett og slett fordi eg, fordi eg passa til det synst ho kanskje? Eg veit ikkje, og så då så sende ho meg på eit tensing seminar oppe i Ulsteinvik der eg då tok slik direksjonskurs, dirigeringskurs, og etter det da så blei eg då dirigent for tensing. Ehm, det var veldig nylig. Det var vel i, etter sumarferien i fjor eigentleg. Så det er snart eitt år eg har vore dirigent no, for tensing faktisk. – Gut nr. 3

Han følar altså at ein av dei ansvarlege klarar å sjå at han passar som dirigent, ei oppgåve han fortel vidare at han aldri har hatt før. Og denne eigenskapen hjå leiarane, at dei kan sjå eit potensiale i han, er noko han set pris på.

Nokon av ungdomane synast òg å ta fram det naturlege for å beskrive deira start på ein aktivitet. Det å bli med på ein av aktivitetane deira anten såg dei på som eller kom som ein naturleg del av livet. Ein person beskriv dette slik.

Men kvifor starta du i tensing?

Det var rett og slett fordi det følte veldig naturleg sidan eldre søsken, mamma og pappa har vore, gått i tensing då dei var yngre og.. Det var liksom, var allereie litt inn i dette miljøet da så det følte veldig naturleg. – Jente nr. 2

Her har familien vore med aktivt i eit arbeid som ho sjølv følar at det blir naturleg å bli med på. Denne naturlege følinga er det fleire som følar på anten det har vore gjennom familieband, forkjærleik for aktiviteten, rekruttering frå andre aktivitetar eller ei naturleg utvikling. Med naturleg utvikling tenkjer eg for eksempel på at ein har vore med som deltakar på ulike leirar i tideleg alder for så å gå over i eit leiarverv, og dette er også då ein viktig grunn til å bli med vidare i eit arbeid.

Å halde på vidare med ein aktivitet er ikkje alltid like sjølvfylgjande. Det er mykje som skjer i livet til ein tenåring og fleire val å ta. Kva som då skal til for at ungdomen blir verande varierer. Noko dei nemner er dei aleine om medan andre årsaker er det fleire som trekkjer fram. Det å få vere med på ei eiga utvikling innan ein aktivitet er det fleire av ungdomane som tek fram som ein grunn til å bli verande. Mellom anna så er det nokon av ungdomane som reiser til Roma på leiartrening. Slik ei av desse jentene trekkjer det fram så handlar det om å få lov til å lære og oppleve noko nytt.

Har du lyst til å framleis reise til Roma?

Ja, mhm.

Kvifor det?

Mm.. Nei, altså det var no så, eg opplevde det i alle fall så forskjellig frå i fjor til i år, så då tenkjer eg no at eg sikkert kan ta ny lærdom til neste år og oppleve noko nytt. Mhm. –
Jente nr. 4

Moglegheita til å få lære og oppleve meir er faktorar som er til hjelp for at ho sjølv skal få motivasjon for å vere med vidare i fellesskapet. I dette tilfellet er det kulturell lærdom som kjem fram. Andre grunnar til kvifor dei er med vidare er at dei likar aktiviteten, at det er der venane er, eller at ein vil vere eit godt førebilete for dei nye unge medlemmene som startar.

4.2 Ulike dimensjonar

Som eg nemnde under kapittelet for analyse så er den andre kodinga eg har brukt retta mot dimensjonar. Dei dimensjonane eg har teke med meg er om aktiviteten er av den sosiale typen eller individuelle typen, om intervjuobjekta er med for å berre vere deltakande eller for å ta ansvar, om dei er ferdigheitsrelaterte, om det var nokon kjønnskildadar, om geografien hadde noko å seie, eller om det skulle vere andre dimensjonar. Med andre dimensjonar tenkjer eg mellom anna på om noko kjem naturleg eller ikkje, eller om det handlar om eit tidsperspektiv. Grunnen til at eg har med denne “andre dimensjonar” ligg i at det er ein del dimensjonar eg kunne ha teke med, men at dei aktuelle dimensjonane her berre treff mindretalet av intervjuobjekta. Eg ser dei likevel på som relevante i høve teoriane

mine og oppgåva vidare. Nokon av desse dimensjonane vil gå litt inn i kvarandre. Det er ein del ting som er likt uavhengig av kva dimensjon dei representerer.

4.2.1 Sosial vs. individuell

Alle aktivitetar vil anten vere individuell eller sosial, men det går òg an å vere sosial i ein individuell aktivitet eller individuell i ein sosial aktivitet. Dette er best illustrert med eit av intervjuobjekta mine. Han er aktiv med på eit friidrettslag. Aktiviteten han driv er i utgangspunktet individuell, sprintar, sett bort frå stafett, men det er miljøet som gjer at han har det gøy.

Men kor mykje har det då å seie for deg kven som er med på friidretten?

Nei, det har ganske mykje å seie da.. Ja, altså, det var ei lita periode no, ein måned sidan, ein halv måned sidan, eller noko slikt, der, eg hugsar ikkje kva det var, men det var ingen på min alder som stilte da, og vi har då ei lita gruppe att med 99'ara trur eg, eh, så eg forstod ikkje heilt berre slike jente som eg eigentleg ikkje er noko med da, det var ikkje noko å snakke om, då var det berre å jogge opp og trene for seg sjølv da, og det var ikkje gøy, nei.. Så det er no, men altså, det er no ikkje ofte det skjer at der ikkje er nokon å snakke med da for vi er vel, vi er 6, 7 da så liksom visst det to ikkje kjem så gjer det ingenting å seie da, så der er alltid nokon å vere med da, som regel, ja.. – Gut nr. 1

Han poengterer at han treng vener rundt seg for at aktiviteten skal vere gøy. Vidare i intervjuet hans kan han fortelje at noko av det mest morosame med å reise kvar helg på friidrettsstemner er det sosiale denne gruppa har saman på overnattingsstadane. Alle ungdomane vel også aktivitetar i sosiale settingar. Unntaket er ei jente som trivast godt i eige selskap og kan finne på å trene aleine, men ho òg har aktivitetar der vener er viktig.

Kjenneteikna på dei kyrkjelege aktivitetane ungdomane eg har intervjuar er at dei er sosiale. Alt føregår i ein sosial setting og det er vanskeleg å vere med på dei utan å bli sosialt involvert. Men dette gjer ingenting. Alle ungdomane som blei intervjuar tok opp dette som noko av det viktigaste til at dei blei med på ein eller fleire av aktivitetane innan det kyrkjelege fellesskapet. Ei jente seier at det starta med at ho var med på ein konfirmantleir som konfirmant og at ho synast det såg ut som om leiargjengen var ein bra gjeng.

Men kvifor blei du med som leiar i kyrkja?

Eh, eg blei no spurt etter at eg hadde konfirmert meg om eg ville vere med. Eh, og så var det eigentleg slik at på konfirmant, på den leiren, så hadde eg veldig lyst til å vere med fordi eg såg korleis dei leiarane var der og kor gøy dei hadde det og slike ting. (...) Men så fekk vi jo, eg fekk eit godt førehald til leiarane som var der så eg skjønna no at dei var ein veldig fin gjeng. Så når eg blei spurt så blei eg veldig glad. (...) – Jente nr. 3

Ho fekk stifta eit godt kjennskap til dei leiarane som var der og fekk lyst til å vere ein del av det teamet. Vidare i intervjuet fortel ho også at andre vener av henne blei spurt noko som gjorde dette leiarvervet enda meir attraktivt. Ein annan ungdom hadde ei beskriving av korleis han opplevde det å ikkje vere saman med vener. Følinga kalla han for “etter-leir-føling” og gjekk ut på at han etter ein leir ikkje hadde noko meir å gjere på. Det å vere på ein leir og møte mange nye menneskjer var noko av det kjekkaste han visste om. Alle ungdomane legg vekt på at det er menneskja rundt som gir aktiviteten det ekstra litle for at dei vil vere med, men ikkje alle er like opptekne av eit leiarverv.

4.2.2 Ansvar vs. deltakande

Eg ville sjå kor mykje ansvar ungdomen ynskte å ha eller om dei aller helst berre ville vere deltakande, kome til dekkja bord. Det å ta på seg eit ansvar kan vere at ein følar seg viktig og kan gi motivasjon for å fortsette, medan andre har så mykje å gjere at dei helst berre vil kome til aktiviteten for å ha det gøy med vener. Og her er det delte meiningar. Nokon av dei eg har intervjuja vil meir enn gjerne berre delta på aktiviteten. Andre følar at dei ikkje kan gjere noko anna enn å delta. Ein ungdom fortel at han ikkje vil ta ansvar så lenge han veit han ikkje kan gjere det skikkeleg.

Nei, eg skjønna, ja.. Er speidar noko du ser for deg at du vil kome tilbake til seinare?

(...) Og det var, og det var, hehe, ja, det var som sagt treningsdagar og slike ting da som gjekk i litt i klasj, og så kunne ikkje dei alltid stille opp og så måtte vi stå for ansvaret, og eg hadde trening alle andre dagar også, og så måtte eg kome på kva som skulle gjere for alle desse ungane og så var det ikkje alltid vi fekk til noko og det var no.. Det, eg har no ikkje lyst til å skuffe folk da, sant, så det.. Når eg ikkje har tida til å lage bra program da så følar eg på ein måte ikkje et eg har noko, at eg skal ha ansvaret for det der, ja.. – Gut nr. 1

Når han ikkje har tid så vil han heller ikkje ta noko ansvar for aktiviteten. Andre ungdomar set pris på å bli utfordra og vil meir enn gjerne ta i eit tak. Kvifor dei gjer dette varierer frå om dei har lyst til å vere til hjelp til at dei følar ei leiarrolle passar dei perfekt. Ei jente har nettopp teke på seg ei dirigentrolle.

Korleis følar du på den rolla?

Jo, eg gler no meg til det da. Men samstundes så håpar, eller er litt slik håpe, eg, eg er ein person som gjer ting veldig grundig når eg fyrst gjer, gjer det da, eh, så derfor må eg på ein måte, eg må syrgje for at det ikkje blir for mykje, ja, jobb, for eg har no skule og andre ting, så det.. Men, ja, det blir kjekt og spennande.. – Jente nr. 1

Ho gjer ting grundig og gler seg til å gjere den jobben som dirigentrolla bringer med seg. Ho seier i intervjuet at ho mellom anna ser på seg sjølv som eit førebilete og ordensperson når ho tek på seg den rolla. Og nettopp dette skilje mellom ansvar og deltaking er noko som kjem fram som kjønnskilnadar.

4.2.3 Kjønnskilnadar

I mange samanhengar der det blir gjort forskning på områder involvert menneskje så er kjønn eit viktig aspekt å ta med i utgreiinga. I mitt tilfelle er dette også tilfelle. Hjå begge gruppene set dei pris på det sosiale samhaldet som aktivitetane bringer med seg. Om vi ser etter skilnadar så er jentene generelt meir opptekne av å ha eit visst ansvar innanfor den kyrkjelege aktiviteten dei driv med. Gutane vil helst vere med vener og ha det gøy med aktiviteten. For å illustrere dette har eg teke med sitat frå ein jente og ein gut. Jenta trekkjer fram det faktumet at det er eit behov for dei eldre.

Så bra, hm.. Er tensing-arbeidet noko du har lyst til å forsette med?

Ja.. Det er det vel for så vidt da.. Eg har no tenkt det at det så lenge eg bur her (...) for eksempel så kjem eg til å så vere med sjølv om eg kanskje blir ferdig på vidaregåande og slik, og framleis er her, kjem eg nok til å så vere med i tensing og drive litt, for eg synast det er viktig at det der er nokon litt eldre også som får med, får på ein måte, ta litt styringa over for det er ikkje alltid det er så lett for dei som er litt yngre å gjere det. – Jente nr. 2

Ho vil gjerne vere til hjelp så lenge ho framleis er i bygda. Det er ikkje like lett å vere frimodig nok til å ta styring når ein er yngre. Til motsetnad så har vi ein gut som set pris på aktiviteten og vil gjerne ha det gøy framfor for mykje ansvar.

Ja, mhm.. Er speidaren noko du har lyst til å fortsette med?

Ja. Det er det. Du er no framleis med så lenge du vil da. No når du er rover då har ikkje du noko meir du skal gå opp til, skulle eg til å seie. Du kan bli leiar til slutt, slik vaksenleiar, men det er litt kjekkare å vere i eit roverlag der du kan gjere litt meir tull og litt slik.. Leiarane er kanskje litt meir seriøse enn det roverane vil vere. – Gut nr. 2

Han vil drive på med litt meir tull enn å måtte vere seriøse som ein vaksenleiar. Ein gut skil seg derimot ut. Han er veldig oppteken med sine ansvarsoppgåver i form av det å vere dirigent for både tensing kor og eit barnegospel kor, oppgåver som han føler han veks og utviklar seg på.

Kan du forklare? Det må no vere eit totalbilete som gjer at du har lyst til å forsette sjølv om det du aldri blir sliten. Kan du fortelje då kva det er som gjer at du har lyst til å forsette?

Hm.. Det er.. Vel, for det fyrste så er det ei utfordring rett og slett.. Ehm, det har vore ei utfordring eigentleg frå dag ein til no, men eg ser ikkje på det som ein negativ ting at det er ei utfordring. Eg ser på det som ein positiv ting rett og slett. Det er, det er kult å sjå den utviklinga som koret har hatt, eigentleg frå eg starta å dirigere, og eg må innrømme at det er ei ganske positiv kurve det der altså. Dei har blitt flinke rett og slett. (...) Kva meir er det da? Eg veit ikkje eg, kan berre på ein måte, eg har ein slags visjon, ein slags draum om å berre gjere koret kjempesvært og kjempeflinkt. Eg har ikkje lyst til å gi meg liksom, ikkje så tidleg i alle fall. Ikkje når eg på ein måte ikkje har nokon grunn til å gjere det. Visst eg sluttar no så er det fordi eg berre ikkje har lyst til å gjere det meir, det er ikkje noko slik eg kan ikkje fordi eg har fått meg jobb eller noko. Då følar eg at eg gir opp, rett og slett. Det har eg ikkje lyst til å gjere.

Kvifor har ikkje du lyst til å gi opp?

Eg veit ikkje, eg trur berre det er.. Eg gir liksom ikkje så ofte opp, rett og slett, i ting, kanskje. Ikkje for å vere slik der «å, eg gir ikkje opp!!», men berre visst eg skal vere heilt ærleg så.. – Gut nr. 3

Han er målretta og motivert. Synast det er eit spennande arbeid som han synast er eit privilegia å kunne vere ein del av. Han vil ikkje gi seg utan ein god grunn. Utanom denne skilnaden er det ikkje så mykje som er verdt å nemne når det kjem til kjønnskiljet.

4.2.4 Ferdigheitsnivå

I nokon samanhengar likar ein å drive ein aktivitet fordi det er eit høgt nivå, i andre nettopp fordi det ikkje er eit fokus på ferdigheiter. I nokon av intervjua kjem det fram at det i nokon aktivitetar blir satt pris på å ha eit visst nivå inne. Om det anten er for å prestere innan konkurranse eller om det er for å kunne formidle noko på ein god måte så vil vedkomande gjerne ha eit nivå for å utføre aktiviteten på best mogleg måte. Men det som er gjennomgåande med desse aktivitetane er at dei stort sett ikkje er innanfor det kyrkjelege fellesskapet. Med det er det ikkje sagt at dei ikkje set pris på talent innanfor den aktuelle aktiviteten. Om ein er med i eit kor så kan ein gjerne vere flink til å synge, men dette er ikkje det som gjer aktiviteten bra. Som oftast er det miljøet og fellesskapet i samband med aktiviteten som gjer den attraktiv, og om nokon er i tillegg flinke så er det ein ekstra bonus.

4.2.5 Geografiske skilnadar

Kor mykje geografi har å seie for forskjellar mellom ungdom er litt uvisst og litt vanskeleg å seie noko om ut frå mine intervju. Dei alle er opptekne av det sosiale. Ein ting som kanskje kan vere avgjerande er i høve kva moglegheiter for aktivitetar ein har rundt seg. Medan den eine kyrkjelyden har mange moglegheiter til friluftsliv og natur så har den andre kyrkjelyden lettare tilgang til ulike reisemåtar, og kan enklare leggje opp til større turar. Mellom anna arrangerer den eine kyrkjelyden leiarturar til Roma der dei skal lære både om kultur og historie, og om seg sjølv som personar i førehald eit leiarverv. Begge kyrkjelydane er nemleg opptekne av å drive leiarutvikling, men på to litt ulike måtar. Medan den eine slår til med tur til utlandet så har den andre kyrkjelyden ein lokalt kjent leirstad som blir hyppig brukt.

Ein stor skilnad mellom kyrkjelydane sjølv om det kanskje ikkje heilt heng saman med geografien, ligg i kva type aktivitetar ungdomen er med på. På den eine staden er dei alle knytt til eit leiartreningsopplegg, men desse er då på det andre året og er difor meir frivillige på nokon av dei faste aktivitetane som fyrsteårsleiarar må vere med på. Ein av ungdomane eg har intervju på denne staden er vel å merke med på andre aktivitetar innan kyrkja, men

det er berre ein av fire. I den andre kyrkjelyden er ungdomen meir aktiv innan andre aktivitetar. Nokon er aktivt med på leiartrening, men her står også arbeidet rundt tensing, speidar og KRIK veldig sterkt. Dette heng nok saman med at ein på den eine staden har eit mykje tettare samarbeid med andre kristne organisasjonar.

4.2.6 Andre dimensjonar

Som under beskrivinga av denne kategorien så gjeld dette dimensjonar som enkelte av intervjuobjekta tok opp. Grunnen til kategorien er å prøve å samle alle dei små dimensjonane som er tilstade hjå ungdomane der alle desse små aktuelle dimensjonane vil ha eit førehald til den teorien som er presentert. Ein dimensjon som ikkje alle var innom, men som eg poengterte under den førre kodinga var det naturlege aspektet. Nokon av ungdomane starta i ein aktivitet fordi det var naturleg for dei, anten fordi familien alltid hadde vore med på aktiviteten tidlegare eller fordi det var naturleg fordi interessa for sjølve aktiviteten var stor frå barndomen av. Ein annan dimensjon som eg tenkjer er verdt å nemne i denne samanhengen er tidsperspektivet. Det er fleire som har nemnt at tid er eit problem i kvardagen. I nokon samanhengar gjeld dette mykje skulearbeid eller anna type arbeid, og i andre samanhengar handlar det om at dei er for aktive i andre aktivitetar og må difor prioritere ein av aktivitetane dei er med på. Den tredje og siste dimensjon eg her har teke med i denne kategorien går på fellesskapet, om det er mogleg å vere seg sjølv. Grunnen til at eg tek med denne dimensjonen kjem frå ei av jentene som synast at dette er viktig. Eg har nettopp spurt henne om kvifor ho går i tensing og der ho svarar at det er fordi ho synast at det er viktig at ungdomen har ein stad der dei kan vere seg sjølv. Eg spør så vidare kvifor.

Kvifor det?

Nei, fordi det er, det er no, samfunnet er no litt slik at du er, du skal vere så slik og slik og, og sjå slik og slik ut og, ja, og det er lett å bli påverka til det og det, men eg håpar at vi greier å på ein måte, på tensing i alle fall, å leggje litt vekk det og på ein måte sjå kvarandre da. Og det har vi eit fokus på da, og det trur, det trur eg, ja, det er ein viktig del. Og så er det no det at det er kristent, og at det er ein, ja, møteplass, eller, ja, og at vi he eit fellesskap der som er, ja, kristent fellesskap da.. – Jente nr. 1

Ho argumenterer altså med at ein i samfunnet må vere slik og slik, men når ein kjem til tensing så kan ein sleppe å vere det samfunnet forventar og berre vere seg sjølv.

Alle dei tre nemnde dimensjonane i dette underkapittelet er små dimensjonar med tanke på dei andre dimensjonane eg har teke med i oppgåva, men dei betyr likevel noko for dei ungdomane som har nemnt dei. Samstundes treff desse også godt dei teoriane eg har tatt med i denne oppgåve, men meir om det seinare.

4.3 Samanfatning

Som de kan lese gjennom analysane av desse intervjuar er det ein ting som dei alle har til felles. Dei er alle opptekne av fellesskap og miljø, det sosiale aspektet ved aktivitetane. Ikkje ein ungdom har kome utanom det faktum at det sosiale er viktig i ein eller fleire av aktivitetane deira. Dette er då noko som går att frå tidlegare forskning på området. Utover dette faktumet så er det ein del variasjonar i kva som gjorde at dei starta med aktiviteten og kvifor dei framleis er med. For nokon handlar det om interesser for aktiviteten medan andre framhevar det at dei likar utfordringar. Korleis blir så desse intervjuar i lys av teorien?

5 Drøfting av mine funn i lys av teori

5.1 Intervjuar i lys av deprivasjonsteorien

Deprivasjonsteoriens hovudbodskap ligg i at mennesket manglar eit eller anna, og at ein er på utkikk etter å fylle det aktuelle tomromet. Inn mot mi oppgåve kan dette kome i fleire variantar. Ein kan mellom anna tenkje seg at ein manglar eit religiøst perspektiv på livet, et det må vere noko meir, ei slags mening med det ein gjer før ein dør. Også om det skulle vere eit liv etter døden. Ei anna vinkling kan gå på det sosiale. Det er ikkje eit sjeldan fenomen at nokon følar ein manglar tilhøyring eller eit godt venskap.

Ut frå mine funn så kan sjå ut som at det er fleire områder der ungdomen kan føle at ein manglar noko. Men kor vidt dette kan samanliknast med deprivasjonsteori er eit anna spørsmål. Ein av ungdomane kunne fortelje at han skifta skule fordi han ville vere saman med venene sine. I ein forstand kan dette tolkast til at han mangla vener på den opphavlege skulen hans og derav var eir bytte viktig. Men han nemner ikkje om han hadde vener eller ei på den opphavlege skulen og det blir difor vanskeleg å sjå om det var mangelen som dreiv han eller om det var berre ein naturleg prosess fordi han hadde flest vener på den nye skulen. Men det som betyr noko er om denne teorien kan belyse nokon av mine funn i førehald eit kyrkjeleg fellesskap. Og for å vere heilt ærleg så kan det ved fyrste blikk virke

vanskeleg å sjå noko veldig konkret som kan knytte mine funn til denne teorien. Alle engasjementa hjå mine intervjuobjekt kan virke som at dei har kome fordi dei har synast det har vore interessant og hatt lyst eller at dei har blitt spurt til å vere med. Anten har aktiviteten i seg sjølv vore attraktiv nok eller så har venene blitt med på aktiviteten noko som også då har gjort den attraktiv for ungdomane eg har intervjuar. Men om vi går tilbake til teorikapitlet så kan vi sjå at det er nokon faktorar vi må ta med før vi kan kome til nokon konklusjon.

Det fyrste eg tenkjer på ligg i førehaldet mellom subjektiv og objektiv deprivasjon. Som ein utanforståande intervjuar så er det ikkje like lett å alltid sjå kva som gjer at ein følar seg deprivert. For subjektivt kan ein føle seg deprivert, og om ein ser på dei fem kategoriane som Glock og Stark (1965) har lagt fram så kan ein sjå at nokon former for deprivasjon er vanskeleg å få tak i som utanforståande. Nokon av desse kategoriane kan vere enkle å ekskludere i min samanheng. Det er lite som tilsei at ein ungdom blir med i eit kyrkjeleg fellesskap på bakgrunn av ein økonomisk deprivasjon. På same måte kan det vere grei skuring å sjå vekk ifrå organisk deprivasjon. Dette kan vere ei farleg slutning fordi ein kan søkje etter sosial aksept om ein følar ein har organisk deprivasjon, men eg trur ein då heller må sjå på kategorien sosial deprivasjon fordi ein då er på utkikke nemleg etter det å bli akseptert sosialt framfor det å få utfylt sine organiske behov. Men dette bringer oss over på den sosiale deprivasjonen. Her har eg framheva eit skilje mellom sosial klasse og sosial status. Sidan den sosiale klassa er tilnærma lik økonomisk deprivasjon så blir fokuset retta mot sosial status. Det er ikkje vanskeleg å trekkje fram denne delen av teorien med tanke på kor mykje vener og sosial status har å seie for ungdomen no til dags. Som ein kunne lese gjennom analysearbeidet så framheva alle at venskap og fellesskap var ein del av deira val av aktivitetar, i større eller mindre grad. Men kor vidt dette skyldast deprivasjon eller ei er vanskeleg å svare på, spesielt om vi ser på dette i lys av eit kyrkjeleg fellesskap.

Når det gjeld etisk og psykisk deprivasjon så er dette kanskje litt som to sider av same sak. Skilnaden ligg nok i at ein ved etisk deprivasjon søker etter verdier i fellesskapet medan ein i psykisk deprivasjon søker etter individuelle verdier, verdier som ein kan ta til seg og gjere til egne. Eg vil likevel driste meg til å sei at desse to kan henge saman. Om ein er etisk deprivert så vil ein søkje eit fellesskap der deira verdier er noko ein sett pris på, og kanskje til og med tek til seg som egne. Om ein er psykisk deprivert vil ein trenge ein stad der ein kan finne verdier ein sjølv set pris på, slik sett også oppsøke eit fellesskap med verdier. Om vi set

dette opp mot mi oppgave så kan ein kanskje sjå dette att i eit av mine intervju, på ein indirekte måte. Eit av intervjuobjekta trekkjer fram at ho vil ta lærdom av ungdomar på sin alder gjennom den festinga dei gjer.

Er det nokon feil du spesielt tenkjer på, som du kan dele her eller er det...?

Tja.. Ja, det er no dei som festar kvar helg. Eg er no ikkje, eg skal ikkje sei at eg aldri festar, men dei som er ute kvar einaste helg og drikker seg drita, og gjer ting dei ikkje burde ha gjort, og angrar dagen etter. Det, det er no noko eg kan lære da, ein prøvar no å unngå det sjølv. I alle fall når ein ser kva det gjer med ein da. Mhm. – Jente nr. 4

Grunnen til at eg trekkjer dette fram er at ein her kan sjå at ho ikkje har lyst til å vere ein del av denne kulturen med festing kvar helg. Det kan då vere ei naturleg slutning at ho vil finne seg eit anna fellesskap der festinga ikkje er i fokus, noko eit kyrkjeleg fellesskap kan vere eit eksempel på. Og her kan dette både fungere etisk og psykisk, både finne egne verdiar og eit fellesskap av andre verdiar. I dette tilfelle kan dette også ha ein vedvarande funksjon. I kritikken til denne teorien så kunne vi lese om at ein i slike tilfelle hadde eit ynskje om å bli kvitt denne mangelen som oppstod, men når eg tenkjer at den kan vere ein vedvarande faktor for å vere med i eit kyrkjeleg fellesskap så tenkjer eg at ho ikkje vil kvitte seg med den festingkulturen. Ho vil berre ha eit alternativt fellesskap ved sidan av, og at så lenge den ville festinga blir haldt ved like så vil ho også søkje eit anna fellesskap som motvekt. Noko av grunnen til at eg trekkjer i denne retninga er at intervjuobjektet i dette tilfelle er oppteken av å ha vener, men det einaste fellesskapet ho har med vener utanom desse festevenene er det ho har gjennom kyrkja. Samstundes er det ingen stad at ho trekkjer dette saman sjølv, og om det i det heile kan reknast som deprivasjon er også uklart. Uavhengig av om dette går som preferansen deprivasjon eller ei så finn vi ikkje mange slike tilfelle i mine intervju.

5.2 Intervjua i lys av sosialiseringsteorien

Teorien om sosialisering handlar om verdiar og normer som ein gjer om til sine egne. Med det er det meint at ein person vil opp gjennom åra bli påverka av primære og sekundære sosialiseringstansar til å ta på seg normer og verdiar i møte med desse instansane. Om ein person tek i mot verdiar og normer i desse møta og gjer dei om til sine egne då snakkar vi om ein vellukka sosialiseringssprosess. På den måten kan vi snakke om preferanseteori fordi vedkomande som har tatt i mot desse normene og verdiane har då gjort dei til sine egne preferansar. Og måten vi kan sjå att dette i intervjua er ved å sjå på

korleis ungdomen grunnar sine val. Det er fleire av ungdomane som trekkjer fram at dei har starta med aktiviteten fordi foreldra og søskena deira har vore med tidlegare. Gjennom ytre påverknad frå desse menneskja, som står for den primære delen av ein sosialiseringsspross, så har ungdomen tileigna seg dette til å bli vedkomande sitt val. Andre ungdomar har brukt ordet "naturleg" for å beskrive kvifor dei har starta med ein aktivitet. Med naturleg meiner dei det då at av ymse årsaker så var det naturleg for dei å bli med på den gitte aktiviteten. Korleis denne aktiviteten har blitt naturleg for vedkomande er litt uvisst, men det som er sikkert er at vedkomande opp gjennom åra har blitt påverka av både primære og sekundære instansar. Ein tredje kommentar som eg vil trekkje fram som ein mogleg del av sosialisering er at ungdomen fortel at dei likar aktiviteten i seg sjølv. Grunnen til dette er at om ein har ei genuin interesse for aktiviteten så må vedkomande ha blitt eksponert for aktiviteten på eit eller anna vis. For eksempel om ein person likar musikk fordi ein har interesse for musikk så er det mest truleg fordi vedkomande har blitt eksponert for musikk på eit eller anna stadium av livet. Men kan vi vite at dette er eit val han gjer fordi det er han som har valt det på bakgrunn av ein sosialiseringsspross?

Kritikken til denne teorien har eit poeng. Ved å framheve denne teorien så set ein individa i eit dårleg lys. Vi blir gjort til menneskjer som kanskje manglar både litt sjølvinnsett og vilje. Det er mange andre faktorar som kan påverke kvifor ein vel å gå til aktivitetane. Ein kan for eksempel gå til aktiviteten berre for å tilfredsstille ein eller fleire utanforståande personar. Det kan til og med vere at ein ungdom vel å gå til ein aktivitet for å trosse det at ingen andre vil at vedkomande skal gå dit. Slik sett kan det vere vanskeleg å avgjere om ein er "riktig" sosialisert eller ikkje. Men det likevel grunnar til å tru at dette fungerer.

Grunnen til at ein kan sjå at dette fungerer ligg i ein kommentar frå teorikapittelet. Der blir det poengtert at sosialiseringsteorien har vanskar med å kunne forklare endringar som blir gjort, men at den kan vere til hjelp for å forklare kvifor ein er med vidare. Med dette meiner eg at alle dei ungdomane som har nemnt desse grunnane til val av aktivitet også kjem med grunnar til kvifor dei vil halde fram. På ingen måte har nokon av ungdomane sagt at dei er med i eit kyrkjeleg fellesskap fordi dei vil gjere nokon andre til lags. Sjølv om dei kanskje har blitt sosialisert inn i dei vala dei har gjort i form av aktivitetar så blir dei vidare i aktiviteten fordi dei sjølve har lyst til det fordi dei likar aktiviteten eller fordi dei er ein del av eit godt sosialt fellesskap.

Ein til viktig faktor å ta høgde for i denne samanhengen er ein eventuell bruk av sanksjonar. Anten om det er snakk om ei form for straff eller løning så vil dei vere med på å leggje til rette for den eine eller den andre vegen. Eg tenkjer då mellom anna på at vi ikkje kjenner til historiene i heimen for korleis ungdomen har gjort aktiviteten til sin eigen preferanse. Ein annan baktanke rundt sanksjonane her ligg i dei ungdomane som har blitt “headhunta” for å vere med på ein aktivitet. I desse tilfella kan ein føle på at ein ikkje vil skuffe den som har sett eit potensiale hjå ungdomen. Likevel er det ikkje noko som tilsei at dette er eit problem hjå ungdomen. Dei er veldig sjølvstendige og har i alle fall ikkje uttrykt noko som skulle ha vore eit steg i den retninga.

5.3 Intervjua i lys av teorien om rasjonelle val

Utgangspunktet for teorien om rasjonelle val er at desse vala blir gjort i lys av økonomiske uttrykk som løn og straff, og kostnad opp mot fortjeneste. Stark og Bainbridge trekkjer også inn omgrepet kompensator for å kunne treffe det religiøse aspektet. Om det ikkje er mogleg å finne vitskaplege svar på sine spørsmål så må ein ty til kompensatorar for å kunne forklare. Denne tilnærminga kan minnast litt om sanksjonane i sosialiseringsteorien, men forskjellen mellom desse teoriane ligg nok i korleis desse sanksjonane blir utspelt. I sosialiseringsteorien så er det ytre påverknadskraft som prøvar å trekkje ein person i den eine eller den andre retninga medan ein ved eit rasjonelt val prøvar å kome fram til den riktige retninga ved å sjølv finne den vegen. Men kva gjer eit val rasjonelt?

Kritikken til Steve Bruce er lett å forstå. Det som i ein setting kan virke som eit rasjonelt val basert på dei økonomiske prinsippa kan vere heilt irrasjonelt i ein annan setting. Og kva er eigentleg eit rasjonelt val? Ein av ungdomane eg intervjuar snakka veldig varmt om ein spesifikk aktivitet, nemleg speidaren. Han fortel at det er det aktiviteten som han kanskje har hatt aller best utbytte av og likar best, men han vel likevel å ikkje halde fram med denne aktiviteten.

Om du tenkjer litt langsiktig, tenkjer du at du også då kan prøve å droppe innom? Kor mykje betyr aktiviteten i seg sjølv i førehald speidar og tensing?

På det mest, for det mest, eh, altså speidaren, der er det veldig aktiviteten trur eg nok, men altså, på resten, til og med friidrett og fotball så hadde det ikkje vore, det er vanskeleg å spele fotball med seg sjølv da, men, hehe, eh, så hadde det ikkje vore for folka og venane

mine som er med så trur eg nesten det ikkje hadde vore noko poeng i å stille opp der da, det hadde ikkje vore gøy.. – Gut nr. 1

I dei andre aktivitetane er han avhengig av å ha venane med seg elles ville han ha slutta. I dette intervjuet fortalde han meg at han hadde slutta med speidaren fordi han ikkje hadde tida til å vere med vidare, dei andre aktivitetane han deltek på tok for mykje av tida hans. I andre settingar kan det vere rasjonelt å velje den aktiviteten som betyr mest medan ein i andre settingar kan sjå på det sosiale framfor aktiviteten som det viktigaste. Så kva er det eigentleg som gjer eit val rasjonelt? Det er fleire av ungdomane som har gitt svar som i ein setting kan virke rasjonelt medan i ein annan setting kan virke irrasjonelt. Som eg har påpeika tidlegare så er ungdomen i denne aldersgruppa 16-17 år inne i ein del av livet sitt der dei stadig må gjere fleire val, og som vil påverke korleis ting blir i framtida. Og med alle alternativa som no eksisterer på alle moglege arenaer som ungdomen er innom så kan det vere vanskeleg å sjå kva som vil vere rasjonelt. Men her kjem utvidinga av den rasjonelle teorien inn. Det å leggje ved meining og tilhøyring som viktige faktorar for kva som er rasjonelt så kan vi lettare sjå kva som gjer vala til ungdomen rasjonelle. I dømet som eg har teke med tidlegare i dette kapittelet så forklarar ungdomen at han ikkje ville ha vore på nokon andre aktivitetar om det ikkje hadde vore for venane hans der. I dagens samfunn så er venane noko av det viktigaste i livet for ein ungdom. Det å velje aktivitetar der venane dine er kan verke som det mest rasjonelle valet ein ungdom kan gjere basert på at det gir mest meining. I tillegg byggjer den på det faktumet at ein følar at ein tilhøyrar ein stad. Sjølv om det i teorien blei framheva som viktige faktorar i høve val av religion så er det ikkje nokon grunn til at det ikkje er mogleg å overføre til denne samanhengen òg. Men korleis blir då det kyrkjelege fellesskapet eit rasjonelt val?

Gjennom mine intervju har eg sett at det som kan gjere det kyrkjelege fellesskapet til eit rasjonelt val varierer. Sjølv om ungdomen i mitt døme ikkje synast at aktiviteten i seg sjølv var nok så er det andre som trekkjer dette fram. Men det mest rasjonelle med dette fellesskapet er at alle aktivitetane byggjer opp til eit sosialt fellesskap. Med det meiner eg at i dei aktivitetane, som ungdomane eg har intervjuet deltek i, så har dei laga rom for eit sosialt samvær. Mange har framheva at det å vere saman med venane gjer aktivitetane morosame. Då må det vere rom for ungdomane å få spele på kvarandre. Eit enkelt tilfelle hadde i tillegg ei ekstra tyngde som gjorde hennar val rasjonelt. Hennar deltaking på dei kyrkjelege

aktivitetane såg ho på som viktig fordi ho sjølv følte ho hadde eit kall om å dele Guds ord. Ho er aktivt med i det kristne leirarbeidet i regionen og eg spurte henne om ho ville halde fram med dette arbeidet.

Kvifor det?

Nei, det er no det eg snakka om at det gir meg mykje og det er no, det er no misjon da, og vere med å spreie budskapen.. – Jente nr. 1

For henne er det rasjonelt å vere med på desse aktivitetane vidare fordi ho er oppteken av den andelega biten ved dei kyrkjelege aktivitetane. I alle fall ei til trakk fram det kristne aspektet som ein faktor for engasjement i fellesskapet.

Så kan ein spør seg vidare kor lenge vil det vere rasjonelt å velje det som venane dine vel? Etter kvart må ein bli meir sjølvstendig og kunne stå på eigne bein. Kva som då blir rasjonelt vil basere seg på dei erfaringane og opplevingane som ein har fått gjennom dei siste åra. Ei meining og tilhøyring til kyrkja kan då vere til hjelp når ein flyttar til ein ny stad.

5.4 Intervjua i lys av teorien om sosial kapital

Kapitalomgrepet er eit omgrep som er henta frå økonomiens verden, og då er det sjølv sagt snakk om økonomisk kapital. Den sosiale kapitalen derimot er kanskje ikkje like kjent. Det viktigaste med denne teorien er at den byggjer på relasjonar mellom menneskjer som har eit grunnlag i gjensidig tillit og respekt. Og dette kan vi tydeleg sjå att i eit intervju hjå ei av jentene. Ho er veldig oppteken av å opparbeide seg respekt med dei ho har rundt seg og gjennom heile intervjuet kom ho tilbake til dette.

Respekt, er det veldig viktig for deg?

Nja, det er.. Eller ikkje, ikkje slik at det eg skal gå rundt og seie at eg er mykje betre enn deg, liksom, men eg følar, det er på ein måte... Det er viktig at det folk ikkje berre ser dumt på meg, ikkje bryr seg om kva eg seie, fordi at det er viktig at det som blir sagt skal bli høyrte på ein måte. Det er veldig viktig for meg.

Kvifor det trur du?

Nei, det veit eg ikkje. Kanskje fordi.. Eg tenkjer veldig mykje over kva eg skal seie på ein måte da fordi at det, fordi at det eg vil bli tatt seriøst på ein måte. Eg føler det at det er

veldig mange på min alder som er, ikkje tenkjer før dei snakkar og er veldig slik vimsete på ein måte. Men eg har på ein måte lyst til å vise meg litt meir skikkeleg. – Jente nr. 2

Ho vil bli tatt seriøst av folk rundt seg og ein sosial kapital ho då prøvar å opparbeide seg er respekt. Og dette går att i alle aktivitetane som ho er med på, i forskjellige format. I leirarbeidet likar ho for eksempel å ta på seg oppgåver som går på å passe på at folk gjer ting skikkeleg.

Slik den sosiale kapitalen fungerer og slik kyrkja vil ha det så er det viktig å kunne opprette aktivitetar der ein kan møtast med gjensidig tillit og respekt for kvarandre for å få det gode sosiale miljøet. Men no har det seg slik at den sosiale kapitalen også kan bringe med seg andre aspektar. Den kan nemleg også byggje på at ein person er med i eit fellesskap fordi ein eller fleire enkeltpersonar i det fellesskapet, eller heile fellesskapet i seg sjølv kan gi ein positiv fordel til den aktuelle personen på eit seinare tidspunkt. Gjennom å vere med i det fellesskapet vil ein kunne byggje ein relasjon som kan vise seg nyttig anten det er det eine eller det andre ein er på utkikk etter. Med dette tenkjer eg då på å kunne skaffe seg fordelar ved å kunne få kome på leirar, utvikle eit talent, opprette kontakt med personar som har eit nettverk, osv. I mi oppgåve er det lite som tilsei at ungdomen er på utkikk etter å skaffe seg ein fordel hjå nokon gjennom det kyrkjelege fellesskapet. Då tenkjer eg på fysiske fordelar som kanskje kan opplevast litt som utnytting. I nokon tilfelle kan ein kanskje leggje merke til den tanken om gjengjelding, men det er ikkje det eg ser på som den viktigaste delen av sosial kapital i mine funn.

Sosial kapital kan nemleg vere så mykje meir òg. Om vi for eksempel tenkjer på forskjellar mellom inklusiv og eksklusiv sosial kapital så har vi lagt til ein ny dimensjon. Med eksklusiv sosial kapital vil ein reindyrke det fellesskapet ein allereie har medan ein med ein inklusiv sosial kapital vil få så mange menneskjer med som mogleg og vil difor utvide sine horisontar. I det kyrkjelege fellesskapet prøvar dei kanskje å kombinere desse to litt. Aktivitetane dei tilbyr er gjerne retta mot ein spesiell type aktivitet som for eksempel tensing, som er eit kor i utgangspunktet. Men det skal vere rom for alle. Ved å opprette diverse grupper kan dei nå ut til fleire enn berre dei som vil synge i kor. For eksempel har dei band og teknikargruppe, i nokon tilfelle har dei kanskje både dans og drama også. Ein annan måte å tenkje sosial kapital på er å sjå på det som berre å knyte band. Det å bli inkludert i eit

felleskap, få seg nokon vener, føle seg trygg og velkomen vil ha ein positiv effekt på alle og ein kvar. Slik dei ungdomane eg har intervjuet har framstilt dei kyrkjelege fellesskapa så er dette noko desse aktivitetane tilbyr, ein sosial kapital som er lett tilgjengeleg for alle som vil ha den. Ein av ungdomane trekkjer fram dei leirane han har fått lov til å bli med på gjennom det kyrkjelege fellesskapet. Han får då knyte band med mange nye menneskjer som han berre MÅ sjå att neste år igjen. Problema med slike nettverk er at dei kan bli veldig korte. Det er ikkje alltid ein kan bli med neste år og det er ikkje alltid like lett å halde kontakta. Men det kan også slå ut den andre vegen. Eit slikt nettverk kan danne ein felles plattform som ved eit seinare høve kan vere fordelaktig dei som er ein del av dette nettverket. Tidlegare skreiv eg at dette ikkje var noko mine intervjuobjekt var på utkikk etter, og eg står ved det, men det positive med den sosiale kapitalen er at ein ikkje skal måtte forvente nokon fordelar. Dei kan berre dukke opp.

6 Oppsummering og konklusjon

For at det skulle bli mogleg å gjennomføre dette som ei masteroppgåve var det enklast å gå for ei deskriptiv tilnærming. Med det er det meint at eg måtte få ungdomen til å beskrive årsakene til at dei var med på dei ulike aktivitetar. Ved å då bruke omgrep som preferanse og sosial kapital i mi teoretiske tilnærming gjorde eg dette mogleg. Desse omgrepa er det enklare å bruke til å finne gode empiriske svar enn med for eksempel motivasjon. Eg la så ut om dei ulike aktuelle teoriane som blei gjeldande for drøftinga mi. Analysinga av intervjuet kom så ved hjelp av ulike kodingar. Der kom det tydeleg fram at ein av dei viktigaste faktorane til å velje aktivitetar var det sosiale aspektet, vener som ein kan vere med. Deretter drøfta eg førehalda mellom teori og mine funn for så å kome til ein konklusjon.

Som de kan lese av drøftinga mi over så er det liten tvil om at nokon av desse teoriane verkeleg gjer seg gjeldande. Om vi fyrst ser på deprivasjonsteorien så starta eg heile drøftinga med å påstå at denne teorien kanskje ikkje heilt var gjeldande innan min samanheng. Gjennom intervjuet var det vanskeleg å finne noko definitivt, og om det heile var mogleg å sjå på dette som ein preferanse. At det kan fungere som ein preferanse kom eg fram til, men i mine intervju så var nok ikkje dette den mest aktuelle preferansen. Sosialiseringsteorien derimot blei veldig gjeldande. Det at vi som menneskjer blir sosialisert

inn i ulike samanhengar er ikkje til å leggje skjul på, og heller ikkje her. I intervjuet såg vi at fleire hadde blitt sosialisert inn i eit kyrkjeleg fellesskap. Kva som gjorde eit val rasjonelt var vanskeleg å svare på sidan vi heile tida blir påverka av samtidas endringar. Men med ei meining og tilhøyring kunne vi sjå at det å velje eit kyrkjeleg fellesskap var rasjonelt for nokon av ungdomane fordi aktiviteten var attraktiv eller så hadde vedkomande mange vener innanfor aktivitetane. Sosial kapital kan kome i mange former og berre det å bli sosialt akseptert i ei større gruppe kan ha mykje å seie. I mine intervju såg eg på den sosiale kapitalen som ei samansveisande rolle. Det er den sosiale kapitalen i den store samanhengen som knyt ungdomane saman.

Totalt sett gir dette eit godt bilete på kva som har betydd mykje og kva som har vore mindre viktig. Deprivasjonsteorien er nok noko vag om den er aktuell for ungdomen i oppgåva mi, men både sosialiseringsteorien og teorien om rasjonelle val er med på å belyse dei funna eg har gjort i mine intervju. Samstundes har også den sosiale kapitalen vist at den er viktig innanfor det kyrkjelege fellesskapet. Av dei ungdomane eg har intervjuet så kan ein tydeleg sjå at den sterkaste tilknytninga til eit kyrkjeleg fellesskap er det sosiale aspektet. Anten det er fordi dei blir sosialisert inn i det, eller dei vel det rasjonelt fordi venane er der, eller fordi dei vil få fleire vener og skaffe seg ein sosial kapital så er det det sosiale som knyt dei for det meste saman.

7 Litteraturliste

Aagre, Willy (2003): *Ungdomskunnskap – hverdagslivets kulturelle former*. Fagbokforlaget. Bergen.

Aakvaag, Gunnar C (2008): *Moderne sosiologisk teori*. Abstrakt forlag AS. Trondheim.

Aubert, Vilhelm (1981): *Sosiologi – 1. Sosialt samspill*. Universitetsforlaget. Oslo.

Berger, Peter L. (2000): *Den samfunnsskapte virkelighet*. Oversatt av Frøydis Wiik. Fagbokforlaget. Bergen.

Bruce, Steve (1999): *Choice and Religion – A Critique of Rational Choice Theory*. Oxford University Press. Oxford, New York, USA.

Bryman, Alan (2012): *Social Research Methods*. Fourth edition. Oxford University Press. Oxford, USA.

Furseth, Inger og Repstad, Pål (2003): *Innføring i religionssosiologi*. Universitetsforlaget. Oslo.

Heggen, Kåre og Øia, Tormod (2005): *Ungdom i endring – Mestring og marginalisering*. 2. opplag. Abstrakt forlag AS. Oslo.

Hellevik, Ottar (2002): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. 7. utgave. Universitetsforlaget. Oslo.

Kvale, Steinar og Brinkmann, Svend (2009): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oversett: Tone M. Anderssen og Johan Rygge. 2. utg. Gyldendal Norsk Forlag AS. Oslo.

Kyrkerådet, Den norske kyrkja (2010): *Plan for trusopplæring – Gud gir – vi deler*. Kyrkerådet, Den norske kyrkja. Oslo.

Knudsen, Jon P. (1994): *Kulturspredning i et strukturelt perspektiv – eksemplifisert ved politisk og religiøs endring under moderniseringen av det norske samfunn*. Lund University press. Lund, Sverige.

McGuire, Meredith (2002): *Religion – The social context*. Fifth edition. Wadsworth Thomson Learning. California, USA.

Putnam, Robert D. (2000): *Bowling alone – the collapse and revival of american community*. Simon & Schuster. New York. USA.

Putnam, Robert D. (2006): *Den ensamme bowlaren – den amerikanske medborgarandans oppløsning och förnyelse*. Översättning: Margareta Eklöf. Stockholm, Sverige.

Stark, Rodney og Bainbridge, William Sims (1996): *A Theory of Religion*. Rutgers university press. New Brunswick, New Jersey, USA.

7.1 Internett

Bourdieu, Pierre (08.10.14) (1986): *The forms of capital*. In J. Richardson (Ed.) *Handbook of Theory and Research for the Sociology of education* (New York, Greenwood), 241-258

<https://www.marxists.org/reference/subject/philosophy/works/fr/bourdieu-forms-capital.htm>

Forskning.no (07.10.14) – *nettavis med norske og internasjonale forskingsnyheter*

http://forskning.no/search?search_keys=Ungdom

Høgskulen i Akershus og Oslo (HiAO) (07.10.14): *“Tidsskrift for ungdomsforskning”*

<http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjoner/Tidsskrift-for-ungdomsforskning>

Høgskulen i Akershus og Oslo (HiAO) (07.10.14): *Ungdom – Forsking om ungdom, skole og ungdomskultur*.

<http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Ungdom>

McCann Worldgroup (07.06.14) – *“The truth about Youth” (Mai 2011)*

<http://www.iab.net/media/file/TheTruthAboutYouthMcCannWorldgroup.pdf>

Schwartz, Mari Lindelien (10.10.14) (2013): *Ungdoms fritid – et kvantitativt studie av ungdoms egne begrunnelser for sin deltakelse på åpne møteplasser*. Masteroppgave i Sosialt Arbeid. Høgskolen i Oslo og Akershus, Fakultet for Samfunnsfag.

https://oda.hio.no/jspui/bitstream/10642/1974/2/Schwartz_MariLindelien.pdf

Sirus – Statens institutt for rusmiddelforskning (08.10.14): *Ungdom*

<http://www.sirus.no/nor/Forskning/Ungdom/Nyheter/>

Ungdom og Fritid (08.10.14): *Klubbundersøkelsen 2008 – Fakta om klubb (2008)*

http://www.ungogfri.no/filestore/skiemaer_og_andre_pdfer/Faktaomklubb_ungdomomfritid_web.pdf

Ungdom og Fritid (08.10.14): *Har vi råd til å la være? Et informasjonshefte om fritidsklubber, ungdomshus og lignende tilbud.*

http://www.ungogfri.no/filestore/skiemaer_og_andre_pdfer/Informasjonspakka/140902-nybrosjyre2.pdf

8 Vedlegg 1

Intervjuskjema til masteroppgåva

- Introdusere kvarandre og atter ein gong setje premissane for kvifor dette intervjuet finn stad.

- 1. Kva for nokon organiserte og uorganiserte aktivitetar/samlingar/treff deltok du på?

- 2. Kvifor går du til desse aktivitetane/samlingane/treffa?
 - a. Korleis opplevde du første gong?
 - b. Kva rolle følar du at du har der?

- 3. Korleis følar du deg etter å ha vore på aktivitetane/samlingane/treffa?
 - a. Kva gir dei deg?

- 4. Kva har det å seie kven som er med?

- 5. Vil du fortsette? Kvifor?
 - a. Vil du fortsette i lang tid framover?

- Studenten vil også stå fritt til å stille oppfølgingsspørsmål.